### 1.3.13 Tilskot private barnehagar

Grafane under viser satsar til dei private barnehagane i åra 2016 til 2019.

Grafen viser Nasjonale satsar og kommunale satsar.

Dei kommunale satsane er berekna ut i frå ein gjennomsnittleg kostnad pr. barn i kommunal barnehage (omrekna til heiltidsplass)



Grafen under viser antal barn i privat barnehage mot utbetaling av tilskot til dei private barnehagane i perioden 2015 til 2019.

2017 har eit avvik i forhold dei andre åra. Dette kan skuldast teljetidspunkt samt fordeling mellom små og store barn i dei private barnehagane.



#### 1.3.14 Tilskot flyktningar/Ressurskrevjande brukare

Integreringstilskot viser kr 4,1 mill i mindreinntekter. Årsaka er at antal flyktningar lagt til grunn i budsjettet er høgare enn faktiske tal i 2019.

Ressurskrevjande brukarar viser kr 3,2 mill i mindreinntekter. Dette er ei negativ avrekning frå 2018 (avrekning vert rekneskapsført året etter).

	Regnskap	Budsjett	Avvik
	2019	2019	
INTEGRERINGSTILSKOT	-18 391 800	-34 799 027	16 407 227
INTEGRERINGSTILSK. ENSLIGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGER	-12 309 600	-	-12 309 600
SUM INTEGRERINGSTILSKOT	-30 701 400	-34 799 027	4 097 627
STATLIG OVERFØRING RESURSK.BRUKERE	-34 810 000	-38 000 000	3 190 000
TOTALT	-65 511 400	-72 799 027	7 287 627

### 1.3.15 Nøkkeltal

	Kvinnh.	Kvinnh.	Voss	Stord	Mandal	Gr.11
	2018	2019	2019	2019	2019	2019
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,0 %	6,7 %	-2,0 %	2,6 %	-1,7 %	-0,1 %
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter	4,3 %	8,4 %	-0,3 %	2,3 %	0,8 %	0,7 %
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	64,1 %	64,4 %	22,1 %	6,2 %	14,2 %	16,0 %
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter	68,7 %	94,0 %	31,3 %	108,5 %	51,8 %	68,2 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter	128,6 %	130,5 %	93,3 %	142,0 %	99,4 %	103,7 %
Netto lånegjeld i kr pr. innbygger	92 655	103 885	53 188	104 117	66 659	85 513
Frie inntekter i kr pr. innbygger	57 346	60 291	59 429	55 020	56 991	59 704
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	16,3 %	20,9 %	4,2 %	3,1 %	11,3 %	7,9 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	23,0 %	15,0 %	6,3 %	18,3 %	14,8 %	14,7 %
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer	50,8 %	-21,7 %	9,7 %	-2,8 %	-35,4 %	11,2 %

#### Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter:

Netto driftsresultat vert rekna ut i frå brutto driftsresultat, men tek i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjonar (renter, avdrag, finansielle instrument o.s.v) samt korrigerings for avskrivningar slik at dei ikkje får resultat effekt. Netto driftsresultat kan anten brukast til å finansiere investeringar eller setjast av til seinare bruk. Kvinnherad kommune har i 2019 eit netto driftsresultat på 6,7% av brutto driftsinntekter. Avkastning kraftfondet gjev direkte utslag på netto driftsresultat, og forklarar oppgangen på resultatgraden frå 2018 til 2019.

#### Årets mindreinntekter i % av brutto driftsinntekter:

Årets mindreforbruk er netto driftsresultat justert for interne finansieringstransaksjonar. Nøkkeltalet i 2019 viser 8,4% (resultatgraden 6,7%) som seier at vi har brukt meir av avsette midlar enn det som er satt av til seinare bruk.

#### Arbeidskapital (AK) i % av brutto driftsinntekter:

Arbeidskapital ex premieavvik vert definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette gjev uttrykk for likviditeten. Kvinnherad kommune viser eit høgt forholdstal på arbeidskapitalen i forhold til dei andre vi samanliknar oss med. Årsaka til det er at Kraftfondet (kr 734,4 mill) vert definert som omløpsmiddel.

#### Netto renteesponering i % av brutto driftsinntekter:

Variabelen gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen sin renteesponerte gjeld som er igjen - etter at rentekompensasjon og rentebærande likviditet er trekt i frå i forhold til brutto driftsinntekter. Kvinnherad kommune har ein renteesponering på 94% i 2019. Dette betyr at ein renteuke på 1% vil bruke 0,9% av driftsinntektene. Variabelen kan gje ein indikasjon på kor sårbar kommunen er for endring i rentenivået.

**Langsiktig gjeld eks.pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter:**

Ordinære renter og avdrag på lån (til investering) skal finansierast av driftsinntekter, og indikatoren syner langsiktig gjeldsbelastning i forhold til inntekter.

**Netto lånegjeld i kr pr. innbygger:**

Definisjonen på netto lånegjeld er langsiktig gjeld minus totale utlån og ubrukte lånemidler.

**Frie inntekter i kr pr. innbygger:**

Skatt på inntekt og formue inkludert naturressursskatt, og rammetilskot er definert som frie inntekter.

**Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter:**

Indikatoren syner fri egenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntekter. Fri egenkapital drift oppgjev differansen mellom midlane som står på disposisjonsfond og rekneskapsmessig meirforbruk. Kommunen har dei siste åra gått med overskot som er sett av til disposisjonsfond.

**Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter:**

Forholdstalet seier noko om framtidig belastning på driftsbudsjettet gjennom avdrag og renter for den delen av investeringane som er lånefinansiert. Nivået på investeringane varierer frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å samanlikna.

**Eigenfinansiering av investeringane i % av totale brutto investeringar:**

Nøkkeltalet seier noko om kor stor del av investeringane som vert finansiert med egenkapital. Høg egenkapitalandel gjev mindre belastning på framtidige budsjett.

Tabellen her viser eit negativt tal. Årsaka til dette er at bruk av startlån er teke med inn i forholdstalet. Ser vi bort i frå bruk av startlån får vi 3% eigenfinansiering.

## 2 Sektor for oppvekst

### 2.1 Bevilgning

#### 2.1.1 Sektor oppvekst

Sektor for Oppvekst er sett saman av 23 einingar og eitt sektorkontor. Einingane yter tenester til barn, unge og familiare deira. Tenestene vert ytt gjennom åtte barneskular, tre ungdomsskular, tre oppvekstsenter, seks kommunale barnehagar, eit bibliotek, ein kulturskule, og eininga "Barn og Familie" som har avdelingane 1. Barnevern, 2. PPT, 3. Helsestasjon og 4. Tiltak og ressurs. Einingane i sektoren varierer sterkt i storleik med omsyn til årsverk og talet på tilsette. Sektorleiar og 4 rådgjevarar er tilsette ved sektorkontoret.

Hovudprosessen i sektoren er opplæring, omsorg og danning. Målsetjinga er å utvikla barn og unge til heile menneske og sikra dei ein god oppvekst i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø slik at dei endar opp som ansvarlege, gode vaksne som kan overta ansvaret for - , og vidareutvikla samfunnet vårt. Sektoren har eit særskilt ansvar med å yta eit tilpassa og godt tilbod til dei som av ein eller annan grunn er sårbare eller treng ekstra omsorg. For å få dette til må det vera eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingar og sektorar i kommunen.


##### 2.1.1.1 Økonomi

Samla sett gjekk sektoren med eit overskot på kr 4 650 000 i 2019. Overskotet skuldast at eininga "Barn og familie" hadde eit underforbruk på kr 8 900 000. Årsaka til dette er fleire, men skuldast mellom anna problem med å få tilsetja fagfolk i ledige stillingar. Det har også vore eit svært høgt sjukefråvær spesielt i barnevernet. Her er det mest umogleg å setja inn vikarar i arbeidet, og dermed vart refusjonar grunna sjukefråvær, ekstra inntekter til eininga.


Vidare vil dette seia at barnehagar og skular gjekk med om lag 4 000 000 i underskot i 2019. Budsjetta til barnehagar og skular er tildelte etter den nye lærarnorma for skule, og bemanningsnorma i barnehage. Skule- og barnehagetilboda er innafor det lovlege, men ressursane er låge. Dette merkast særleg innafor dei minste skulane som no må ha fleire årskull samla i undervisninga.

#### **SKULE**

Grafen under syner variasjon i kostnad per elev i dei ulike skulane i Kvinnherad. Sjølv om det er dei minste skulane som melder om størst utfordringar etter innføring av ny lærarnorm, er det framleis stor skilnad i kostnad per elev mellom skulane. Dette heng stort sett saman med storleiken på skulen.



### Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)



Tabellen over syner at netto driftsutgifter i skulane i Kvinnherad ligg høgare enn dei kommunane me samanliknar oss med og også høgare enn Kostragruppe 11.

Tabellen under syner nedgang i elevtalet i dei kommunale skulane frå 2015 - 2019

ndikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elevar	1 730	1 698	1 683	1 646	1 638
Talet på skolar	17	15	15	15	15
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	138	133	129	129	126
Talet på lærarar	219	212	213	212	205


### BARNEHAGE

Innafor barnehageområdet har det vore ei sterk auke i spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn dei siste åra. Retten til tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne kom i 2016 og søknad /vedtak for tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i barnehage har auka gradvis i Kvinnherad kvart år. Dette saman med

"den nasjonale moderasjonsordninga" der tilbodet om gratis kjernetid har blitt utvida frå 2016 til 2019, har ført til både høgare utgifter og mindreinntekter for kommunen. Det er barnehagemynde (kommunen) som har ansvar for desse kostnadane både til dei private og dei kommunale barnehagane.

Tabellen under viser ei samanlikning av ressursbruk i barnehagane i dei ulike kommunane. Kvinnherad kommune brukar langt meir per barn i barnehage enn kommunane me samanliknar oss med og kommunegruppe 11.

#### Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år i kroner



	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	143 275,0	154 973,0	166 679,0	181 103,0
Mandal (-2019)	132 331,0	142 267,0	149 435,0	156 906,0
Stord	135 788,0	144 650,0	147 787,0	151 247,0
Voss (-2019)	124 415,0	143 689,0	143 685,0	154 651,0
Hordaland (-2019)	139 672,0	144 263,0	154 399,0	161 483,0
Kostragruppe 11	136 769,0	143 788,0	153 936,0	167 364,0

Tabellen under syner utviklinga fra 2015 - 2019 over barnetal i barnehagane.(Private og kommunale)

	Barn i barnehage (antall)				
	2015	2016	2017	2018	2019
1224 Kvinnherad					
0-6 år					
Alle eierforhold					
Alle oppholdskategorier	653	665	642	597	591


Fotnoter

#### KULTURSKULEN

Kvinnherad har ein kommunal kulturskule. Kulturskulen har hatt eit stabilt høgt antall elevar i 2019, sjølv om, sjølv om talet på barn i kommunen generelt har gått ned. Talet på elevplassar i skuleår 2018/19 er 621 I 2019 hadde 5 elevar friplass (gratis undervisning) på kulturskulen. Kulturskulen i Kvinnherad har breitt og mangfaldig undervisningstilbud i fleire ulike fag for

fleire samfunnsgrupper, m.a. tilbud for barn og unge i ulike aldersgrupper, barn og voksne med funksjonshemmingar, mm.

### Andel elevar i grunnskulealder i kommunen sin musikk- og kulturskule.



	2016	2017	2018	2019
Kvinnherad	23,2 %	20,6 %	22,5 %	45,0 %
Mandal (-2019)	11,7 %	11,0 %	12,7 %	21,0 %
Stord	20,2 %	21,2 %	22,3 %	42,2 %
Voss (-2019)	14,0 %	15,1 %	14,8 %	29,7 %
Hordaland (-2019)	12,2 %	12,0 %	12,6 %	24,6 %
Kostragruppe 11	18,9 %	18,6 %	19,0 %	38,0 %

Grafen og tabellen over syner andel elevar som gjer seg nytte av tilbudet. Kvinnherad kulturskule har ein høg prosent av barn i grunnskulealder som elevar på kulturskulen. Dette skuldast nok i stor grad at ein har satsa på tilbud som blir gitt i gruppe, som til dømes dan. I deltaking på kulturskule ligg Kvinnherad over både dei kommunane ein samanliknar seg med og Kostragruppe 11.

### Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Sektor for oppvekst</b>			
Lønn og sosiale utg	335 838 972	331 092 507	4 746 465
Kjøp inngår i tj prod	32 755 300	34 031 877	-1 276 577
Kjøp erstatter tj prod	20 054 585	17 264 790	2 789 795
Overføringer fra komm	6 890 514	7 419 939	-529 425
Finansutgifter	1 473 159	202 000	1 271 159
Salgsinntekter	-25 639 519	-22 937 306	-2 702 213
Refusjoner	-33 760 148	-30 302 340	-3 457 808
Overføringer til komm	-13 492 965	-8 304 413	-5 188 552
Finansinntekter	-299 741	0	-299 741
<b>Sum</b>	<b>323 820 157</b>	<b>328 467 054</b>	<b>-4 646 897</b>

## 2.1.1.2 Personal

	Sjkefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Sektor oppvekst	8,00 %	7,80 %	0,20 %	433,88	430,11	3,77
Sektorkontor for oppvekst			0,00 %	13,29	14,31	-1,02
Halsnøy skule	3,70 %	11,10 %	-7,40 %	22,66	19,93	2,73
Bringedalsbygda skule	7,90 %	7,30 %	0,60 %	9,52	9,14	0,38
Bringedalsbygda barnehage	8,30 %	8,30 %	0,00 %	7,5	7,5	0
Uskedalen skule	9,50 %	7,50 %	2,00 %	14,17	18,64	-4,47
Uskedalen barnehage	5,90 %	12,50 %	-6,60 %	7,8	9,69	-1,89
Omvikedalen skule	3,90 %	4,00 %	-0,10 %	12,69	13,79	-1,1
Omvikedalen barnehage	1,70 %	6,10 %	-4,40 %	9,8	10	-0,2
Skaveland skule	7,70 %	3,30 %	4,40 %	9,13	9,04	0,09
Valen skule	9,50 %	7,10 %	2,40 %	19,08	18,64	0,44
Sunde skule	15,60 %	5,70 %	9,90 %	19,52	21,83	-2,31
Undarheim skule	8,50 %	10,70 %	-2,20 %	29,67	29,3	0,37
Nordsida oppvekstområde	9,90 %	7,10 %	2,80 %	24,27	26,17	-1,9
Rosendal oppvekst	3,30 %	4,70 %	-1,40 %	23,36	22,92	0,44
Øyatun skule	4,30 %	7,20 %	-2,90 %	11,73	13,63	-1,9
Husnes ungdomskule	5,20 %	3,60 %	1,60 %	38,97	35,92	3,05
Myrane Barnehage	14,50 %	18,60 %	-4,10 %	14,83	15,92	-1,09
Sunde barnehage	12,50 %	10,10 %	2,40 %	17,2	16,6	0,6
Undarheim barnehage	8,20 %	8,50 %	-0,30 %	13,02	17,52	-4,5
Kulturskolen	8,60 %	5,80 %	2,80 %	9,38	7,58	1,8
Bibliotek	2,60 %	1,80 %	0,80 %	6,1	6,1	0
Barn og Familie	11,50 %	9,90 %	1,60 %	73,06	57,99	15,07
Åkra oppvekstsenter	3,70 %	10,50 %	-6,80 %	3,87	4,61	-0,74
Malmanger oppvekstsenter			0,00 %	23,26	23,34	-0,08

### Sjkefråværet

Sjkefråværet for sektoren samla er på 8,00 %. Dette er lågare enn kommunen samla, men er dessverre ein auke frå 2017 til 2019.

Det er ei målsetjing å få snu denne utviklinga framover. Sjkefråværet er svært varierende frå eining til eining og det varierer også frå år til år i kvar eining. Utslaga skuldast nok små einingar med få tilsette, der få sjukemelde gjer store utslag.

### Tal årsverk i sektoren.

Etter tabellen har sektoren hatt ei auke på 3,77 årsverk frå 2018 - 2019. Lærarar som tek vidareutdanning i "kompetanse for kvalitet" er i 100 % stilling det året dei tek vidareutdanning, men dei har vikar inn i 37% av stillinga si. Staten kompenserer for desse lønsutgiftene til kommunen. I oversikten over ligg både lærarar og vikarane, og dette utgjer om lag 10 årsverk

for 2019.

Det høge årsverket på sektorkontoret skuldast at spesialpedagogane som arbeider i barnehagane er lønna frå oppvekst sentralt.

### Medarbeidersamtalar

Einingane melder frå om at dei har gjennomført medarbeidersamtalar med sine tilsette. Sektorleiar har gjennomført medarbeidersamtalar med alle einingsleiarane.

### Brukarundersøkingar:

Dei kommunale barnehagane i Kvinnherad gjennomfører kvart år foreldreundersøkinga for å måla i kor stor grad foreldra er nøgde med barnehagetilbodet.

Deltakarprosent

Utvalg	År	Besvarte / Inviterte
Kvinnherad kommune (2019)	2019	385 / 546 (70,51 %)
Nasjonalt (2019)	2019	124945 / 173794 (71,89 %)

### Foreldreundersøkinga i barnehagen 2019

	Kvinnherad kommune (2019)		Nasjonalt (2019)	
	Snitt	Std. avvik	Snitt	Std. avvik
Ute- og innemiljø	4,1	0,6	4,1	0,6
Relasjon mellom barn og voksen	4,6	0,6	4,5	0,7
Barnets trivsel	4,8	0,5	4,7	0,5
Informasjon	4,4	0,7	4,3	0,9
Barnets utvikling	4,7	0,6	4,6	0,7
Medvirkning	4,4	0,9	4,2	1,0
Henting og levering	4,4	0,7	4,4	0,8
Tilvenning og skolestart	4,6	0,5	4,5	1,0
Tilfredshet	4,5	0,6	4,5	0,7
Samisk bolk	-	-	4,1	-



Som ein ser av tabellen er foreldra i Kvinnherad stort sett meir tilfreds med barnehagetilbodet enn resultatata for nasjonalt snitt. Tilbakemeldingar frå foreldra om område dei ynskjer eit betre tenestetilbod på, dreier seg om fleire måltid i barnehagen og at leikeområda vert betre utrusta.

### Foreldreundersøkinga i skulen

Deltakarprosent :

7 trinn	43,40 %
10.trinn	63,10 %

Resultata er henta frå Udir (UBAS). Toppskåre er 5. Kvar indikator inneheld fleire delspørsmål. S



7. trinnet: 0 lågast og 5 høgast      10. trinnet: 0 lågast og 5 høgast

På 7. trinnet er foreldra nógde med borna sin trivsel og samarbeidet med skulen. På 10 trinnet er foreldra også nógde med elevane sin trivsel. Meir informasjon frå skulen er det som vert etterspurt både på barnetrinn og ungdomstrinn.

## Kompetanse

Desentralisert kompetanseheving:

Desentralisert kompetanseutvikling (DeKomp), er kompetanseordninga frå Utdanningsdirektoratet som gjeld skulane. Ordninga skal sikre at alle skuleeigarar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak. I ordninga skal skuleeigar samarbeida med Fylkesmannen og UH- sektoren med å kartlegga behov for kompetanseutvikling og planlegga utviklingsarbeidet. I dette arbeidet har Kvinnherad samarbeida med FOS. Regionen har inngått samarbeid med NLA. For første pulje (2018- 2020) har tema for kompetanseutviklinga vore inkluderande skulemiljø. To skular deltok i skulebasert samarbeid med NLA. To nye skular frå Kvinnherad skal inn i ordninga frå hausten 2020.

Regional kompetanseheving:

Regional ordning skal bidra til at barnehagar utviklar den pedagogiske praksisen sin gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Den regionale ordninga for kompetanseutvikling skal

stimulera til godt samarbeid mellom barnehagemynde, barnehageeigar, universitet og høgskular, fylkesmennene og andre aktørar. Ordninga skal støtta implementering av ny rammeplan. Kvinnherad kommune har ein barnehagen med frå 2019. Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) samarbeider om ordninga og det er NLA som representerer høgskulesektoren inn i ordninga.

#### Kompetanse for kvalitet

Gjennom strategien kompetanse for kvalitet får lærarar tilbod om vidareutdanning i ulike fag. Dette er ei statleg ordning som blei innført etter at det blei krav om 30/60 studiepoeng for å undervisa i norsk, matematikk og engelsk på barneskule/ungdomsskule. I Kvinnherad deltok 30 lærarar i 2019.

#### Kompetansehevingsprogram for eininga Barn og familie

I løpet av 2019 e det utarbeidd eit felles kompetansehevingsprogram for eininga i tett samarbeid med RVTs (Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølfmordsførebygging). Programmet har som mål å auka kvaliteten i arbeidet med barn, unge og deira familiar.

#### Rekruttering

I eining Barn og familie, er det vanskeleg å rekruttere innafor følgjande fagområde: psykolog, barnevernpedagog, helsesjukepleiar og spesialpedagog. Eininga har fokus både på gode rekrutteringstiltak og planar for systematisk kompetanseutvikling

Innafor skule har det dei siste åra vore ein aukande del av ufaglærte lærarar ved skulane i Kvinnherad. Det skuldast nok i stor grad vidareutdanning av dei faste lærarane, som treng vikar i deler av stillingane sine ved vidareutdanning. Hausten 2019 vart det sett inn ekstra tiltak for å sikra rekruttering av nye lærarar til kommunen.

#### Likestilling:

I sektoren er det stor overvekt av kvinner. Det er typisk for omsorgsyрке. Størst er overvekt av kvinner i barnehage og i byrjaropplæringa i grunnskulen. I leiargruppa i sektoren var det 15 kvinner og 8 menn i 2019.

### 2.1.1.3 Resultater

#### Satsingar i sektoren 2019

**Betre Tverrfagleg Innsats (BTI):** Prosjektperioden for BTI vart avslutta i mai 2019. For å halda fokus vidare, er det underskrive vidare samarbeidsavtale med KoRus – og utarbeida plan for vidare implementering.

I prosjektida har kommunen fått på plass felles handlingsretteleiar. Denne rettar seg mot barn – vaksne og tilsette, og er digitalt tilgjengeleg på heimesida til Kvinnherad kommune.

Mange av einingane har teke i bruk Stafettlogg. Dette er eit digitalt samhandlingsverktøyet. Gjennom dette kan tilsette i skulen ha tett dialog med føresette og involvering/medverknad får ein naturleg plass, på eit tidleg stadium.

#### Inkluderande barnehage- og skulemiljø:


Kvinnherad kommune har i tida 2018-2020, saman med Forum for Oppvekst(FOS), delteke i den nasjonale satsinga; Inkluderande Barnehage – og skulemiljø. Kompetanseutviklinga si målsetting har vore å styrkja barnehagar, skular og eigar sin kompetanse i å fremja trygge miljø, førebygga, og handtera mobbing og andre krenkingar.

#### Desentralisert kompetanseheving:

Desentralisert kompetanseutvikling (DeKomp), er kompetanseordninga frå Utdanningsdirektoratet. Ordninga skal sikre at alle skuleeigarar gjennomfører eigne kompetanseutviklingstiltak.


### Nasjonale prøvar

#### 5. trinnet



Resultata frå 5. trinnet syner ein svak oppgang for engelsk hausten 2019. Resultata i lesing er om lag på nivå med året før, og er dei som over tid har vore svakast samla i kommunen. Resultata i rekning har vore gode samla for skulane, men her har det vore ein nedgang i dugleik samanlikna med åra før. Skulane må framover ha stort fokus på lesedugleik i alle fag. Byrjaropplæringa er viktig i dette, men trening i lesing skal ein ha heile skuletida til og med 10. trinnet.

## 8. trinnet



Resultata for ungdomstrinnet er om lag som året før. Også på 8. trinnet er det lesing som har flest elevlar på nivå 1, der heile 15 % av elevane ligg. Målet er å ha færrest mogleg elevlar på nivå 1 og her har me ein jobb å gjera!

### Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er i regi av Utdanningsdirektoratet og obligatorisk for skulane å gjennomføra for 7. og 10. årssteg. Undersøkinga inneheld ulike indikatorar. Kvar indikator er sett saman av fleire delspørsmål, som samla sett kan gi oss ei oversikt over korleis trivsel og læring blir opplevd av elevane. Undersøkinga er anonym og frivillig for elevane. Elevundersøkinga vart gjennomført i oktober 2019, 91,6 % av elevane på 7. trinnet, og 88,8 % av elevane på 10.trinnet deltok.

### Elevundersøkinga 7. trinnet

Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Læringskultur	3,9	4,0	4,0	4,0	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,7	3,8	3,6	3,6	3,8
Fagleg utfordring	3,9	3,8	3,9	4,0	3,9
Felles reglar	4,2	4,4	4,3	4,4	4,4
Trivsel	4,2	4,2	4,1	4,2	4,2
Mestring	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Støtte frå lærarane	4,5	4,5	4,4	4,5	4,4
Motivasjon	3,8	3,8	3,7	3,7	3,5
Vurdering for læring	4,0	4,1	3,7	3,9	3,8
Støtte heimefrå	4,4	4,4	4,4	4,4	4,3

Elevundersøkinga 7. trinnet - samanlikna Vestland fylke og nasjonalt

Indikator og nøkkeltall	Kvinnherad	Vestland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,9		4,0
Elevdemokrati og medverknad	3,8		3,8
Fagleg utfordring	3,9		4,0
Felles reglar	4,4		4,4
Trivsel	4,2		4,3
Mestring	4,0		4,0
Støtte frå lærarane	4,4		4,4
Motivasjon	3,5		3,8
Vurdering for læring	3,8		3,9
Støtte heimefrå	4,3		4,3

Elevundersøkinga på 7. trinnet syner at elevane opplever støtte både frå heimen og lærarane sine. Dei opplever også i ganske stor grad felles reglar på skulen. Elevane opplever mindre faglege utfordringar og læringskultur samanlikna med landet. Motivasjonen er låg hjå elevane våre. Det at "Vurdering for læring" har vore eit satsingsområde for alle skulane kommunen syner lite att i elevane sine tilbakemeldingar.

Elevundersøkinga 10.årssteg - Kvinnherad 2016 - 2019

Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Læringskultur	3,7	3,9	3,8	3,7	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,3	3,6	3,5	3,3	3,6
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,3	4,2	4,4
Felles reglar	4,0	4,1	4,1	4,0	4,3
Trivsel	4,0	4,2	4,2	4,1	4,2
Mestring	3,9	3,9	4,0	4,0	3,9
Utdanning og yrkesrettleiing	3,8	4,0	3,9	3,8	4,1
Støtte frå lærarane	4,0	4,1	4,0	3,9	4,3
Motivasjon	3,4	3,5	3,7	3,3	3,4
Vurdering for læring	3,3	3,4	3,5	3,3	3,6
Støtte heimefrå	3,9	4,1	4,1	4,1	4,2



Elevundersøkinga 10. trinnet - samanlikna Vestland fylke og nasjonalt

Indikator og nøkkeltall	Kvinnherad	Vestland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	3,9		3,8
Elevdemokrati og medverknad	3,6		3,4

Indikator og nøkkeltall	Kvinnherad	Vestland fylke	Nasjonalt
Fagleg utfordring	4,4		4,3
Felles reglar	4,3		4,0
Trivsel	4,2		4,1
Mestring	3,9		3,9
Utdanning og yrkesretteleing	4,1		3,8
Støtte frå lærarane	4,3		4,0
Motivasjon	3,4		3,5
Vurdering for læring	3,6		3,3
Støtte heimefrå	4,2		4,1

Elevane på 10. trinna i Kvinnherad syner betre trivsel på skulen enn i landet samla. på mest samtlege hovudområde er det høgare resultat enn landet. Det syner ei tydeleg utvikling på ungdomstrinnet frå 2015 til 2019. Dei er nøgde med støtte frå både føresette og lærarar og dei kjenner at dei har høge faglege utfordringar. Dei melder likevel om låg motivasjon, og vurdering for læring vert heller ikkje på ungdomstrinna opplevt som ein del av praksisen sjølv om det her er betre resultat enn for landet ellers.

### Mobbing



Det er positivt å sjå at det stadig vert færre meldingar om krenkingar i skulen, sjølv om kvart

tilfelle er eit for mykje. Det vert jobba godt i skulane i Kvinnherad for å gje borna den retten dei har til eit trygt og godt læringsmiljø. Dette arbeidet må skje kontinuerleg og er det viktigaste arbeidet som skjer i skulane våre. For at borna skal læra er det det heilt avgjerande at dei trivest, har det godt og er fri for krenkingar frå andre. Kommunen har gode rutinar som er felles for alle skulane og som gir klare retningslinjer for korleis ein jobbar både med førebuing, avdekking og løysing av desse sakene.

### 2.1.1.4 Digitalisering

#### Digitalisering

Digitalisering handlar om å bruka teknologi til å fornya, forenkla og forbetra. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruka, effektive og pålitelege. Læringsteknologi er og vil vera eit viktig supplement i barna si opplæring - i notid og framtid. Ei satsing på læringsteknologi i skule og barnehage er ikkje noko me kan velja vekk. Digitale dugleikar og verktøy er ikkje lenger for spesielt interesserte, men ein viktig del av faga, kvardagen og livet til barn, unge og vaksne. . Alle barn i barnehage og skule, vil ha behov for og har rett til grunnleggjande digitale dugleikar og kunnskap om digital

I 2019 vart det utarbeidd ein plan for IKT strategien for barnehagar og skular i Kvinnherad. Den vart politisk veteken i Levekårsutvalet og omhandlar læringsteknologi som integrert verktøy og digital kompetanse og dømmekraft.

Sektoren sentralt

Gjennom strategiplanen for barnehage og skule som vart utarbeidd i 2019; "*LÆRINGSTEKNOLOGI - Læring, utvikling og inkludering*" er det lagt eit grunnlag for einingane sine lokale planar for læringsteknologi. Den skal motivera og hjelpa barnehagar og skular med jobben som må gjerast lokalt med å heva kompetansen kring digitale verktøy, implementera IKT som eit integrert verktøy og å nytta læringsteknologi i arbeidet med inkludering.

Elevane

Ipad pilot er eit prosjekt som starta opp hausten 2019 med nokre av grunnskulane i Kvinnherad. Elevane som er med får kvar sin Ipad som dei nyttar i læringsarbeidet sitt. Pilotiskulane skal danna grunnlag for praksis i resten av skulane i Kvinnherad.

Tilsette

Både leiarar og andre tilsette treng kunnskap, dugleik og haldningar som er viktig for å kunna sjå kva som er mogleg å løysa av utfordringar og problem ved barnehagar og skular og få til konkrete betringar. . Digitalisering i skule og barnehage opnar for andre måtar å driva og organisera opplæringa på.

Ved alle skulane i Kvinnherad er det ein tilsett som har funksjon som e-pedagog. I denne funksjonen ligg at ein har eit ansvar saman med rektor til å følgja opp og utvida kompetansen til dei tilsette ved å bruka ny teknologi i læringsarbeidet.

Dei tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å tileigna seg ny teknologi og sjå til at elevane får digital kompetanse i alle fag. I 2019 har e-pedagogane, lærarane og rektor i Kvinnherad fått opplæring i bruk av digitale læringsplattformer for å kunna lukkast med digital skuleutvikling. Fokuset har vore på leiarstøtte, teknisk støtte og pedagogisk opplæring

Utfordringar

- Tilstrekkeleg teknologisk utstyr og nett-tilgang i barnehagar og skular
- Tilstrekkeleg kompetanse hjå dei tilsette

### 2.1.1.5 Anna

Eininga "**Bibliotek**" hadde i 2019 7 tilsette på biblioteket, 5,6 faste stillinger og 0,5 midlertidig tilsett, altså 6,1 til saman. Av desse er det 6 kvinner og 1 mann

Utlånet gikk kraftig ned i 2019. Dette skuldast i hovudsak at bokbussen berre køyrte i heile januar. Noko av nedgangen på utlån skuldast også eit redusert mediebudsjett. Færre nye titlar, mindre utval og lange ventelistar på dei populære titlane gjer at utlånet også går ned.

Besøket gjekk også ned, noko som også skuldast at bokbussen var ute av drift sidan februar 2019. Men besøket på Husnes ligg stabilt høgt. Totalt besøk på biblioteket i 2019 var 54 775.

Meiroppe bibliotek er ein suksess: her aukar bruken stadig. Tilbodet er særleg populart blant skule-elevar (over 16 år), studentar, og familier.

Arrangement gjekk opp. 2019 var eit jubelår når det gjaldt arrangement. Det var særleg mange arrangement knytta til Bokåret 2019, med m.a. forfattarar som Lars Amund Vaage, Hans Sande, Edvard Hoem og Hans Olav Lahlum trakk eit stort publikum.

Biblioteket hadde 28 arrangement for skular og 23 arrangement for barnehagar i 2019, med til saman 836 publikum.

Vi hadde 7 samtale- og debatt-arrangement med til saman 252 publikummarar.

Det var 76 kulturarrangement og av desse var 40 for barn/ungdom (dette kjem i tillegg til arrangementa kun retta til skuler og barnehager ovenfor) På kulturarrangementa var det 2213 publikummarar.

I tillegg hadde vi 10 verkstadar der 9 var for barn/ungdom. Her deltok 299 personar.

Til slutt hadde vi 5 omvisingar og 103 arrangement/aktiviteter

Eininga "**Barn og familie**" er ei hjelpeteneste til barnehagar, skular og familiar i kommunen. I 2019 var det 74 tilsette og 65,65 årsverk ved eininga. Sidan august 2018 har dei vore organisert i fire avdelingar; PPT, Barnevern, Tiltak og ressurs og Helsestasjon.


AVDELINGA : "PPT" (Pedagogisk psykologisk teneste)

PPT sine primære lovpålagde oppgåver er å vere sakkunnig instans i høve spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i barnehage og skule. I tillegg også å drive systemretta arbeid i form av kompetanseutvikling og organisasjonsarbeid.

Det er per i dag tilsett åtte personar i 7,6 årsverk i PP-tenesta. Dei tilsette har god spesialpedagogisk kompetanse innan vanskeområda det er å forvente at ei PP-teneste har kompetanse på. Det har dei siste åra vore ei satsing på organisasjons og kompetanseutvikling både internt og ut mot skulane. Som eit ledd i dette har PP-tenesta i Kvinnherad dei to siste åra delteke i etterutdanninga Utdanningsdirektoratet har lagt til rette for, SEVU-PPT.

I oktober 2019 vart det oppretta ei prosjektstilling knytt til eit nyoppretta utviklingsteam. Utviklingsteamet er eit samarbeid mellom PP-tenesta og skuleeigar for å hjelpe skulen med organisasjons og kompetanseutvikling. Prosjektet vert evaluert i oktober 2020.

PP-tenesta har hatt 294 aktive personsakene i 2019. I Kvinnherad-skulen er det i skuleåret 2019-2020 1667 elevar. Når PP-tenesta har hatt 294 individsaker i 2019, betyr det at 15,2% av elevane i skulen er tilvist PP-tenesta. Dette er eit høgt tal.



Dei fleste tilvisingar kjem frå skule, barnehage og foreldre/føresette. Det kjem også nokre tilvisingar frå helsestasjon. PPT jobbar tett med skule og barnehagar. Det er oppretta egne kontaktpersonar for alle barnehagar og skular. Av dei 294 aktive individualsakene i 2019 – hadde 139 av dei Sakkunnig vurdering. I dei andre sakene jobba PPT med ulike kartleggingar, undersøkingar, språktrening og anna oppfølging.

#### AVDELINGA : "TILTAK OG RESSURS"

Tiltak og Ressurs samarbeider med føresette, barnehagar og skular når ein er uroa/bekymra for eit barn. Barn, unge og foreldre får støtte, hjelp og rettleiing tilpassa den einskilde sitt behov. Eininga er organisert slik, at store delar av det utøvande personalet er i denne avdelinga. Desse yter vedtaksbestemte tiltak forankra i barnevern-, opplærings- og helse- og omsorgstenestelova, samt lågterskeltilbod som kan setjast i verk med det same i tillegg til eit generelt lågterskeltilbod for ungdom i Ungdomssenter og Utekontakt. Tiltak og ressurs har eit stort omfang av oppgåver, og er inndelt i fire team; 1. Tiltaksteam 2. Familieteam 3. Ungdomsteam 4. Barnehageteam

I tillegg engasjerer dei om lag 100 støttekontaktar, besøksheimar og andre oppdragstakarar, og må til tider kjøpe eksterne tenester til barn som treng omfattande tiltak.

Type vedtak i 2019:

År	Støttekontakt	Avlastning / besøksheim	BPA	Kjøp av avlastande tenester	Heime - sjukepleie
2019	11	8	1	2	1

Per 31.12.2019 hadde Villatoppen tre barn med regelmessige avlastande tenester samt eit barn med vedtak om avlastning der familien ikkje nyttar seg av tilbodet. Noko av grunngevinga for å ikkje nytte tilbodet, er at dei er utrygge på det tilbodet barnet deira får i avlastingsbustaden. I bustaden er det fem unge over 18 år som nyttar tilbod om avlastning i ulike tall dagar per månad. Villatoppen blir i stor grad nytta som permanent bustad for unge vaksne og kommunen har difor ikkje eit godt barnefagleg tilbod for barn med behov for avlastning.

Ein har eit realistisk anslag på seks born som vil få behov for avlastande tenester i 2020. Totalt 16 born er registrerte med vedtak etter helse og omsorgstenestelova i våre system og kan koma til å ha trong for kommunale tenester av avlastande art i løpet av dei neste åra.

#### AVDELINGA: "BARNEVERN"


Barneverntenesta har færre saker ved utgangen av 2019, enn i 2018. Noko av grunnen er at tal saker kan variere mykje frå ein månad til neste. Barneverntenesta har i tillegg hatt fokus på å avslutte saker der familiar/barn kan få god nok hjelp av andre hjelpeinstansar.

Barneverntenesta har brot på lovpålagte oppgåver til mange barn. Dette kjem som resultat av for få tilsette på jobb, over lang tid. Dette kan medføre at barn ikkje får rett tiltak til rett tid, som igjen kan føre til meir inngripande og omfattande tiltak på sikt – samt at det er ei stor belastning på dei tilsette som ikkje får gjort jobben sin slik dei skal.

Høgt sjukefråvær over lang tid, er krevjande for både tilsette og leing. Vi har hausten 2019 leigd inn private aktørar for å avhjelpe situasjonen. Sjølv om dette har vore naudsynt slik situasjonen har vore, gir det og meirarbeid på nokre områder. Det betyr større grad av overgangar og personalskifte som bae familiar, tilsette og samarbeidspartar må førehalde seg til. Vi må halde fram å leige inn private aktørar for å avhjelpe ein vanskeleg personalsituasjon ei tid framover, men må ha fokus på å sikre tilstrekkeleg bemanning på sikt. Det gode er at arbeidsmiljøet siste året har endra seg svært positivt og dei tilsette fortel om trivsel på arbeidsplassen.

Barneverntenesta har om lag 10 saker som skal handsamast i Fylkesnemnd/rettsapparat dei næraste månadane. Dette er ressurskrevjande saker som også fører til belastning på dei tilsette.

Barneverntenesta har for tida omfattande heimebasert tiltak, som krev store personalressursar til arbeidsoppgåver som sakshandsaming, rettleiing og miljøarbeid



## AVDELING: "HELSESTASJON"

### Jordmortenesta

Jordmor har ansvar for oppfølging av gravide og kvinner som er i fødsel (følgeteneste) og utfører heimebesøk etter fødsel. Prosjektet «Jordmor heim» har ført til at 114 av 119 nyfødde har fått besøk av jordmor etter fødsel, i tråd med dei nasjonale retningslinjene for barselomsorga. Prosjektet gjekk over i fast drift 01.01.20 og medførte ei auke på 24 % jordmorstilling (2,27 årsverk totalt, fordelt på 3 jordmødre).

I 2019 har vi hatt eitt fødselsførebuande kurs der 14 vordande foreldre deltok. Dette er eit tilbod primært for 1.gongsfødande og partnerar. Dei som ikkje gjekk på kurs, fekk fødselsførebuande samtalar individuelt.

Det har vore ein reduksjon i tal på blindalarmlar sidan 2017. Dette skuldast at kvinner som tidlegare tok kontakt på dagtid for akutte problemstillingar, blei ført som blindalarm og sendt til HELFO som refusjon. Etter at HELFO la om takstane, kan ikkje lenger kommunen skrive takstar som før for blindalarmlar, ein må skrive takst som vanleg konsultasjon. Vi er i tillegg blitt meir selektiv til kva jordmor skal rykke ut på, då kommunen må betale overtid for jordmor for utrykking. Ein sender t.d ei kvinne som kjenner lite spark, direkte til «sparketest» på Stord, utan først å ha rykka ut for å lytte, slik ein gjorde tidlegare.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta:

År	6 vekers - kontroll	Heimebesøk helsejuka-pleiar etter fødsel	2 års - kontroll	4 års- kontroll	Skulestart undersøking
2019	119	106	110	140	133
2018	111	98	113	133	79*

År	6 vekers - kontroll	Heimebesøk helsejuka-pleiar etter fødsel	2 års - kontroll	4 års- kontroll	Skulestart undersøking
2017	110	99	138	135	169
2016	109	95	130	123	149
2015	141	112	135	155	157

\*Mrk til Kostra tal: Tal på skulestartundersøkingar er mykje lågare i 2018 enn tidlegare år. Årsaken til dette er at skulestartundersøkinga i 2017 blei utført våren før elevane starta på skulen. Frå 2018, vart det ei endring nasjonalt om at denne undersøkinga skulle utførast i løpet av 1.klasse. Ein starta difor opp med skulestartundersøkingar hausten 2018 med mål om å gjennomføre alle innan utgongen av 1.klasse, våren 2019.

Helsestasjonen er eit lågterskeltilbod. Også dette året, har ein hatt fokus på nasjonale føringar og implementering av desse.

Helsestasjonen har hatt tett oppfølging med borna mellom 0 -5 år med minimum 15 konsultasjonar per barn. Born i risiko, får tilbod om fleire konsultasjonar. Alle nyfødde fekk tilbod om deltaking i barselgruppe, som er eit supplement til eller ei erstatning for individuelle konsultasjonar. Barselgruppene har vore eit tverrfagleg samarbeid mellom helsesjuka-pleiar, fysioterapeut, psykolog og logoped. Fokusområde på gruppene har vore motorisk utvikling, tilknytning/samspel og språkutvikling.

Skulehelsetenesta har vore eit satsingsområde i 2019 gjennom styrkingsprosjekta «eit lag rundt eleven» (finansiert av Nifu), samt styrking av ytterlegare ein barneskule med 70 % helsesjuka-pleiar til stade på Undarheim skule, 20 % på Skarveland skule og 10 % ved KVV (gjennom midlar frå helsedirektoratet). I 2018 fekk Malmanger og Halsnøy ei auke med 40 % helsesjuka-pleiar gjennom midlar frå helsedirektoratet. Dette blei i 2019 gjort om til fast drift. Ein har såleis i 2019 innfridd normtal for helsesjuka-pleiar i skulehelsetenesta på totalt 4 barneskular. Målet har vore å implementere nasjonale føringar i skulehelsetenesta, skape ein kultur for samarbeid mellom skule og skulehelsetenesta og såleis arbeide saman for elevane si helse, trivnad og læringsmiljø.

## **3 Sektor Omsorg, Helse og Sosial**

### **3.1 Bevilgning**

#### **3.1.1 Sektor omsorg, helse og sosial**

Sektor omsorg, helse og sosial er organisert i 14 einingar og eit sektorkontor. I tillegg til pleie- og omsorgstenestene har sektoren ansvar for koordinerande eining, helsetenester, sosiale tenester, integrering og opplæring, ergo- og fysioterapi, matforsyning og aktivitet, læring og meistring.

#### **Institusjonane**

Kommunen har tre institusjonar på Husnes, i Rosendal og på Halsnøy. I tillegg har Ølve alderspensjonat midlertidig drift av ein institusjonsplass. Institusjonane gjev tilbod om langtids- korttids- og avlastningsplassar. Vedtak vert gjort av sektorkontoret.

#### **Heimetenestene**

Einingane innafor heimetenester har ansvar for helsetenester og personleg assistanse til heimebuande brukarar. Heimetenestene er organisert i dei fem einingane Heimetenester Nord og Sør, Bu og habilitering Nord og Sør og Rus- og psykiske helsetenester. Tildeling av heimetenester er enkeltvedtak etter forvaltningslova og vert gjort ut frå ei individuelle vurdering av den enkelte sitt hjelpebehov.

#### **Helse**

Eining Helse har ansvar for legeteneste, legevakt og kommuneoverlege. Vi har fire helsesenter som yt tenester i form av fastlege og legeteneste på institusjon. Legevakt er i hovudsak dekket av fastlegar i Kvinnherad som har god kjennskap til kommunen vår og spesialisthelsetenesta i vårt nærrområde.

#### **Ergo- og fysioterapi**

Eininga har ansvar for kommunale ergo- og fysioterapeutar og har driftsavtale med 6 fysioterapeutar. Avtalefysioterapeutar driv i stor grad mot den yrkesaktive delen av innbyggjarane. Kortare liggetid på sjukehus gjer at ein større del av behandling og rehabilitering for alle aldersgrupper skjer i kommunen gjennom kommunale fysioterapeutar. Ergoterapeutar har ei viktig rolle i oppfølging med hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging på ulike arena med fokus på eigenmeistring. Eininga driv og deltek også i gruppetilbod innafor fallførebygging, trening, og bidrar med kompetanse på lærings- og meistringskurs

#### **Sosiale tenester**

Dei viktigaste oppgåve i NAV er sakshandsaming av søknadar om sosialstønning, drift av kvalifiseringsprogram og skaffe mellombels bustad. Det er eit mål å hjelpe personar over i ein betre livssituasjon gjennom hjelp til å komme seg i arbeid eller på anna måte gjere dei økonomisk sjølvhjelpne. I samarbeid med Aktivitet, læring og meistring er det ansvar for å sikre aktivitet og arbeid til unge personar med aktivitetsplikt.

#### **Aktivitet, læring og meistring**

Eininga gjev hjelp, støtte og rettleiing som skal gjere den enkelte i best mogleg grad til å mestre eigne liv med dei utfordringar dei måtte stå i. Dette vere seg hjelp og støtte til livsstilsending, til å etablere sosiale nettverk, støttekontaktar og auka kunnskap og ferdigheiter gjennom lærings og meistringskurs på ulike område. Personar med aktivitetsplikt får struktur, orden og gode opplevingar på dagtid gjennom jamleg deltaking i ulike relevante aktivitetar og arbeidsoppgåver.

#### **Integrering og opplæring**

Eininga har ansvar for opplæring av vaksne flyktningar og busetnad av dei og deira familiar. Nytilflytta flyktningar og deira familiar skal ha tilbod om introduksjonsprogram med mål om å kunne fungere i ordinært arbeid, utdanning og samfunnsliv. Eininga tilbyr også norsk og samfunnsopplæring til andre innvandrargrupper.

### Matforsyning

Eininga har ansvar for innkjøp, planlegging og produksjon av alle måltid til insitusjonane i kommunen. Eininga driv også kantine på Rosendalstunet, Rådhuset og Husnestunet, i tillegg til catering.

### Kostra

Ein del kommunar hadde store datavanskar med å få sendt inn Iplos rapporten for 2018. Denne rapporten er ein del av grunnlaget for Kostra, Kvinnherad kommune har av den grunn ikkje fått alle Kostra tala for 2019.

### Pleie og omsorg

Kvinnherad kommune nyttar ein større del av sine totale midlar til pleie og omsorg enn snitt i fylket og kostragruppe 11. Kostnaden per innbyggjar er stigande og er også høgare enn samanlikningsgrunnlaget. Dette gjeld både i gruppe 67+ år og 80+ år og det har vore ein monaleg auke frå 2018 til 2019.

Kostnad for institusjonsplasser er også stigande og ligg høgt over fylket og kostragruppe 11. Deler av årsaka kan vere at pasientane kommunen har i institusjon i større grad enn for snittet i fylket og kostragruppe 11 har omfattande hjelpebehov. Våre pasientar treng altså meir hjelp. I tillegg driv kommunen tre institusjonar og misser stordriftsfordelen som andre kommunar har med å samla drifta på ein institusjon. Ein anna avgjerande faktor var stor bruk av vikarbyrå på institusjonane. Dette er kostnadar som er med å drive prisen per institusjonsplass opp. Institusjonsplass på Ølve er så langt ikkje teke med i Kostra tala, den vil bli registret i dei endelige tala.

Når det kjem til kompetanse har 79 % av brukarretta årsverk helsefagleg utdanning, på nivå med samanlikningsgrunnlaget. Gledelig er det at vi har ein svært høg del med sjukepleiarar med spes-/vidareutdanning.

Tabell 1. Utvalde nøkkeltal pleie- og omsorgstenestene.

	Kvinnherad 2018	Kvinnherad 2019	Hordaland 2019	Kostragr. 11 2019
Helse- og omsorgstenester til heimebuande, brutto driftsutgift per innbyggjar, i kroner *)	15 726	17 252	11 414	15 798
Netto driftsutgift PLO i % av kommunen totale netto driftsutgifter	37,5	40,3	31,1	34,6
Netto driftsutgift PLO per innbyggjar, i kroner *)**)	20 523	23 389	19 182	19 957
Netto driftsutgift PLO per innbyggjar 67+ år, i kroner *)**)	120 160	135 272	129 308	117 180
Netto driftsutgift PLO per innbyggjar 80 + år, i kroner *	407 228	464 135	438 601	450 330
Korrigert brutto driftsutgift institusjon per plass, i kroner *	1 349 989	1 512 224	1 241 583	1 270 759
Sjukepleiar med spes utdanning, årsverk per 10 000 innbyggjar	18,0	24,8	9,8	10,2
Andel brukarar i institusjon med omfattande hjelpebehov, langtidsopphald	98,9	-	87,6 (2018 tal)	88,0 (2018 tal)

\* Tala er inflasjonsjustert. \*\* Tala er justert for ulike utgiftsbehov.

## Kommnehelse

Korrigerte brutto driftsutgifter for kommnehelse er i 2019 kr 3734 per per innbyggjar. Kostnaden har auka siste åra og ligg noko over snitt i fylket og kostragruppe 11 (tabell 2). Det er verd å merke seg at netto utgifter er under eller på nivå.

Tabell 2. Utvalde nøkkeltal for kommnehelse

	Kvinnherad 2018	Kvinnherad 2019	Hordaland 2019	Kostragr. 11 2019
Netto driftsutgifter per innbyggjar, kommnehelse*)**)	2 763	2 964	2 995	3 105
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbyggjar, kommnehelse	3183	3734	2771	3468

\* Tala er inflasjonsjustert. \*\* Tala er justert for ulike utgiftsbehov

Legedekning er stabil over fleire år med 9,8 per 10 000 innbyggjar, noko høgare enn fylket, men likt med kostragruppe 11. Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter syner i kva grad området vert prioritert. Tala her ligg stabilt over ti kring 4,6 %, noko som er om lag på nivå med fylket og kostragruppe 11.

## Sosiale tenester

Andelen sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjararar i alderen 20-66 år er redusert frå 4,3 til 3,6 % frå 2018 til 2019 og ligg under snitt for Hordaland og Kostragruppe 11. Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar er også redusert frå 2018 til 2019 med kr 4395 til kr 4194, men her ligg vi framleis langt høgare enn snitt for Hordaland og kostragruppe 11.

Tabell 3. Utvalde nøkkeltal sosiale tenester.

	Kvinnherad 2018	Kvinnherad 2019	Hordaland 2019	Kostragr. 11 2019
Netto driftsutgifter til sosialtenesta, per innbyggjar	4 395	4 194	3 795	3 270
Andel sosialhjelpsmottakarar i alder 20-66 år, prosent	4,3	3,6	4,0	4,1

### *3.1.1.1 Økonomi*

#### **Analyse**

Sektoren hadde i 2019 eit overforbruk på kr 15.568.555. Dette skuldast i all hovudsak utgifter knytt til bruk av vikarbyrå, men også andre innkjøp og lågare overføring frå kommunen. Høgare refusjonar, overføring til kommunen og finansinntekter på til saman kr 5 mill. motverkar deler av overforbruket.

Institusjonane samla syner eit overforbruk på i overkant av kr 8 mill. Dette skuldast i all hovudsak bruk av vikarbyrå, men også noko investering av naudsynt utstyr som senger/personløftar og anna teknisk utstyr på Husnestunet og Rosendalstunet. Bruk av vikarbyrå er naudsynt grunna for låg tilgang på høgskuleutdanna personell i kommunen.

For einingane Heimetenester Nord og Sør samla er det eit overforbruk på kring kr 3,5 mill.. I all hovudsak grunna bruk av vikarbyrå. Her ser ein resultat av mange brukarar med stort og omfattande hjelpebehov i omsorgsbustader og bufellesskap, i tillegg til at pasientar vert utskrivne frå sjukehus med store hjelpebehov. Det vert arbeid med å avgrense tenestetildeling og å dreie tenesta mot hjelp til sjølvhjelp og eigenmeistring. Dette vert eit viktig arbeid også frametter. Bu og habilitering Nord og Sør samla har overskot på rekneskapet med kring kr 1,7 mill. Nye ressurskrevjande brukarar i eining Rus og psykiske helsetenester krov auka personell

og førte til overforbruk på kring kr 1,75 mill.

Eining Helse har overforbruk på kring kr 1 mill. grunna utgifter til eksterne samarbeidspartar vi ikkje sjølv rår over. Det er også høgare kostnad enn budsjettet på helsesenter, med auka bruk av vikarar.

NAV syner overforbruk på kring kr 6,7 mill.. Dette grunna auka utbetaling av sosialhjelp og kommunal bustønad som åleine tilsvara omlag kr 1.3 mill. Det er og endra praksis i høve refusjon for utbetalt sosialhjelp til flyktingar.

Eining Ergo- og fysioterapi har nytta kring kr 1,2 mill. mindre enn budsjettet grunna høgare sjukelønsrefusjon enn vikarbruk og høgare inntekt enn venta. Aktivitet, læring og meistring har nytta kring kr 1,6 mill. mindre enn budsjettet. Skuldast fleire høve som lågare tilsetning og manglande vikarar i sjukefråversperiodar, redusert utgift til støttekontakt og husleige.

Eining matforsyning har trass i auka salsinntekter på nærare ein million, (hovudsakleg frå kantine og catering) hatt ei overskriding i overkant av kr 800 000. Noko av resultatet skuldast ein auke i matprisar på rundt 13% og kr 200 000 i samband med innkjøp av utstyr til kantina på rådhuset. Det er også tilsett assistent i 60 % i mellombels stilling grunna auka arbeidsmengde, mellom anna fleire brukarar på Rosendalstunet. Eining for matforsyning produserte omlag 100 000 varme måltider i 2019, i tillegg kjem produksjon av bakverk, dessertar og catering.

## Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Sektor Omsorg, Helse og Sosial</b>			
Lønn og sosiale utg	453 750 158	455 827 948	-2 077 790
Kjøp inngår i tj prod	48 583 484	30 891 759	17 691 725
Kjøp erstatter tj prod	14 217 547	12 204 951	2 012 596
Overføringer fra komm	20 863 145	18 513 186	2 349 959
Finansutgifter	399 541	118 000	281 541
Salgsinntekter	-28 950 925	-29 359 627	408 702
Refusjoner	-36 286 233	-33 715 719	-2 570 514
Overføringer til komm	-2 529 979	-1 477 100	-1 052 879
Finansinntekter	-1 571 785	-97 000	-1 474 785
<b>Sum</b>	<b>468 474 953</b>	<b>452 906 398</b>	<b>15 568 555</b>

### 3.1.1.2 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Sektor Omsorg, Helse og sosial	10,30 %	9,60 %	0,70 %	543,2	531,66	11,54
Sektorleiar for omsorg helse og sosial			0,00 %	6,8	5	1,8
Aktivitet/ læring / Meistring	5,50 %	7,00 %	-1,50 %	10,6	10,53	0,07
Halsnøytunet	9,40 %	7,10 %	2,30 %	38,22	38,5	-0,28
Heimetenester Nord	11,60 %	9,40 %	2,20 %	50,39	51,13	-0,74
Heimetenester Sør	10,40 %	14,70 %	-4,30 %	52,35	55,94	-3,59
Bu og hab Nord	13,90 %	7,80 %	6,10 %	69,38	70,15	-0,77
Bu og hab Sør	9,30 %	11,40 %	-2,10 %	58,88	52,29	6,29
Rosendalstunet	8,70 %	7,80 %	0,90 %	81,49	76,97	4,52
Husnestunet	15,70 %	15,30 %	0,40 %	64,84	62,29	2,55
Sosial (NAV)	7,00 %	5,80 %	1,20 %	11,43	11,43	0
Matforsyning	3,60 %	8,90 %	-5,30 %	5,6	5,15	0,45
Helse	3,20 %	2,90 %	0,30 %	18,31	17,63	0,68
Ergo /fysio	6,90 %	6,40 %	0,50 %	14,23	14,55	-0,32
Integrering og opplæring	6,40 %	4,20 %	2,20 %	16,45	17,01	-0,56
Rus/Psyk	10,30 %	7,20 %	3,10 %	44,23	43,09	1,14

Sjukefråvære var samla på 10,3 % mot eit mål om 8,7 %. Sektoren samla har hatt små variasjonar i sjukefråværet dei siste åra, men likevel ein negativ utvikling frå 2018 til 2019. Jamt over syner statistikken ikkje uventa at einingar som har direkte tenesteyting mot pasientar i heildøgnsdrift i institusjon og heimetenester har høgare sjukefråvære enn dei andre einingane.

Det er ulike fagfelt, faggrupper, arbeidssituasjon og anna som gjer at det ikkje vil vere naturleg å forvente at dei ulike einingane kan ha same mål om sjukefraværet. Nokre einingar skil seg ut innafor same tenesteyting eller utvikling. Desse er:

- Husnestunet grunna svært høgt sjukefråvære og ein liten, men negativ utvikling siste åra.
- Bu og habilitering Nord grunna høgt sjukefråvære og tydeleg auke frå 2018 til 2019.
- Heimetenester Nord grunna høgt sjukefråvære og tydeleg auka frå 2018 til 2019.
- Heimetenester Sør grunna høgt sjukefråvære over fleire år, men god utvikling frå 2018 til 2019.
- Rus- og psykiske helsetenester grunna høgt sjukefråvære og tydeleg auke frå 2018 til 2019.

#### Årsverk

Sektoren har auka med 11,54 årsverk i 2019. Opning av den 6 avdelingen på Rosendalstunet og fleire nye omfattande vedtak innafor dei ulike heimetenestene er årsaka til auken. Det er likevel gjort store innsparingar når ein ser på auken i tildelte timar.

Rekruttering er ei utfordring i dei tradisjonelle pleie- og omsorgstenestene, særskilt sjukepleiarar og vernepleiarar, medan andre einingar har hatt god tilgang på kvalifisert

arbeidskraft. Det er ynskje om høgare del menn i fleire av avdelingane. Tilgang til kompetent personale kan bli ei av dei største utfordringane vi står ovafor og er ei kritisk faktor for trygg tenesteyting. Sektoren skildra fleire tiltak knytt til kompetanse og rekruttering også i kommunedeplanen. Dette er under arbeid. Det har vore arbeid med heiltidskultur for å sikre at dei som vil ha større stillingar får dette. Gjennomført spørjeundersøking hjå tilsette har resultert i at dei aller fleste med helsefagleg kompetanse eller mykje realkompetanse har fått høgare stilling.

Alle einingar har fylgt opp 10 faktor arbeidet, men det er ulikt i kva grad og kor godt det er arbeid vidare med. Når det kjem til medarbeidersamtalar er det eit mål om at 100 % av tilsette med meir enn 50% stilling skal ha gjennomført dette. Dette er det dessverre ikkje alle avdelingar som har fått til og det er særskilt ei utfordring for avdelingar med mange tilsette.

Vernerundar er gjennomført, men det er ikkje alle stader tiltak er fylgt opp. Dette gjeld særskilt støtte tiltak på bygg.

### **Kompetanse tiltak**

Sektoren har i løpet av 2019 arbeid med ein samla kompetanseplan. Denne inneheld analyse av kompetansebehov, samt strategi og tiltak for planperioden med overordna mål å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse på alle nivå i leiing og tenesteyting. Målsetnad er å få planen vedteken i 2020.

Følgjande vidareutdanningar med støtte av Fylkesmannen var undervegs i 2019 og vert avslutta i 2020-2023 . Sjukepleie , helsefagarbeidar, helseleiing , organisasjon og leiing, tverrfagleg vidareutdanning psykiatri, vernepleie, tverrfagleg psykososial arbeid for barn og unge, kognitiv terapi, akuttmedisinsk sjukepleie, kvardagsrehabilitering, demensomsorg, alderspsykiatri og helsesjukepleie. I tillegg til dette har 9 personar tilknytt kommunen tatt fagbrev som helsefagarbeidarar som privatistar.

Ein lege har avslutta spesialisering i allmenntmedisin, ein er undervegs og kommuneoverlege held på med vidareutdanning i samfunnsmedisin. Innafor eininga integrering og opplæring avslutta to av dei tilsette vidareutdanning innanfor språkpedagogikk. I eining matforsyning er alle fast tilsette fagutdanna. Rekruttering til faget er sterkt nedadgåande på landsbasis. Det er ein læreplass ved eininga som ein per i dag ikkje har lukkast å fylle.

KS Læring er teke i bruk som digital opplæringsplattform i tråd med føring i kommunedelplan. Nokre kurs er ferdig utvikla og fleire vil kome i tida som kjem. Dette vert eit kontinuerlig utviklings- og forbetningsarbeid frametter.

I tillegg til vidareutdanning har mange tilsette gjennomført ulike relevante kurs på sine fagområde, her kan nemnast særskilt innan fagområdet til Bu og habilitering der det i 2019 har vore mange tilsette som har fått naudsynt kursing innan område som utviklingsforstyrningar og seksualitet, aggresjon og miljøretta arbeid. 211 tilsette i fleire einingar i sektoren gjennomførte eit lokalt to-dagars kurs i demens.

Eininga helse har kunngjort fleire fastlegeheimlar enn vanleg det siste året, men har ikkje lukkast i å sikra oss den nødvendige mengda allmennleger. Samtidig har behovet for vikar i fastlegepraksisar og på sjukeheim vist seg meir krevjande å dekke enn tidlegare. Det er lite ledig kapasitet ved alle legekontor og ein ser behov for større lokale til legar ved Husnes helsesenteret for å kunne etablere fleire heimlar. Det er for få kontor med omsyn til talet på tilsette og for lite tilpassa dei tenestene som skal ytast. I budsjettet for 2020 er det sett av 8 millionar til utbetring av Husnes helsesenter..

I økonomiplanen er det fastsett mål om at 100 % av avvik i forhold til vald mot tilsette skal vere lukka. Av meldte avvik i sektorene var 207 av desse kategorisert som vald og trugslar mot arbeidstakarane. Alle avvika er lukka.

### 3.1.1.3 Resultater

#### Institusjonane

Presset på institusjonsplassar har i 2019 og vore stort både frå innbyggjarar, heimetenestene og sjukehusa. Mest synleg er det i tal overliggedøgn, men også ventelister på institusjonsplassar og ulike omsorgsbustadar samt overbelegg på avdelingane viser dette. Kommunen hadde etter opning av 6. avdeling på Rosendalstunet februar 2019 til saman 126 institusjonsplassar fordelt på langtid-, korttid- og avlastningsplassar. Belegget på institusjonsplassane var i 2019 på omlag 98,5%.

På Husnestunet er det to akutt plassar, KAD senger. KAD sengene kan nyttast for dei som treng tett oppfølging, men ikkje treng leggjast inn på sjukehus. I 2019 var 83 pasientar innlagt i KAD seng på Husnestunet, dette utgjør 313 liggjedøgn og ein beleggsprosent på 42,88%

#### Overliggedøgn på sjukehus

Omfanget av utskrivingsklare pasientar som blir liggande på sjukehus i påvente av kommunalt tilbod varierer mykje gjennom året. I 2019 hadde vi betalingsplikt for totalt 112 døgn (176 i 2018), fordelt på 46 pasientar (53 i 2018). Dette er ei belastning både for utskrivingsklare pasientar og for tilsette i kommunen som må stå i presset frå sjukehuset. Kommunen har kjøpt 14 døgn med rehabiliteringsplassar i Odda når vi ikkje har kunna løyst det sjølv.

#### Sakshandsaming innanfor sektoren

Innanfor omsorgstenestene er sakshandsaming eit omfattande arbeid som krev mykje ressursar. I 2019 var det 1177 saker, mot 1296 saker i 2018. Det er ikkje alltid samsvar mellom tal saker og arbeidsmengde då ein del saker er svært arbeidskrevjande og kan gå over eit lenger tidsrom. Rett tenestenivå ligg til grunn i alle vedtaka som vert fatta innanfor sektoren. Best mogleg bruk av «omsorgstrappa» er eit mål i tenesta for å gje rett tilbod til rett person til rett tid. Tenesta har lagt vekt på å gjennomføre dette så langt som råd innanfor tilgjengelege rammer.

Kommunedelplanen skildrar at sektoren skal oppretta postmottak vi KS SvarInn og tilrettelege for elektroniske søknadskjema. Dette er desverre ikkje kome på plass i 2019.

Økonomiplanen skildra at auka bruka individuell plan og koordinator som eit viktig verkemiddel for å sikre betre samordning og koordinering kring brukarar med behov for dette. Arbeidet her har hatt fokus på opplæring av tilsette som skal vere koordinatorar og vert vidareført i 2020. Tal individuelle planar aukar fortløpande etter kvart som det vert fleire koordinatorar.

#### Heimetenestene

Tenestemottakarane i heimetenestene er i hovudsak frå 18 år og oppover, og ein stor del av ressursane går til dei som er under 67 år. I budsjettgrunnlaget frå 2019 til 2020 auka tildelte timar til tenestemottakarar i dei ulike heimetenestene med til saman 930 timar. (Sjå fordelinga i tabell under.)Auken kjem på tross av strenge vurderingar.

Når kommunen har hatt stort press på søknader om plassar med heildøgnsomsorg så har heimetenesta måtta tatt i mot brukarar med meir komplekse og alvorlege tilstandar. I løpet av 2019 er det og etablert nye kostnads-krevjande tilbod som har krevd nye ressursar.

Kommunen har mange brukara som har trong for omfattande tenester og kjem inn under ordninga ressurskrevjande brukara. Brukarane må være innafør aldersgruppa 18 til 67 år og omfanget av tenester må overstige ein viss kostnad. om det skal utløyse refusjon. I 2019 utgjorde tenester til desse brukarane 118 millionar. Refusjonskrav på 53 millionar er sendt til godkjenning. Dette er ein auke på om lag 19 millionar meir enn i 2018, medan kostnadane har auka med 32,1 million i same tidsrom.

Tabell 8. Oversikt over tildelte timar i dei ulike heimetenestane som budsjettgrunnlag i

september 2018 og 2019.

Eining	Timetal totalt 2018	Timetal totalt 2019	Timetal minusDS & AF* 2018	Timetal minusDS & AF* 2019	Auke frå 2018 til 2019
Heimetenester Nord	1464	1719	1118	1569	+ 451 timar
Heimetenester Sør	1728	1795	1418	1509	+ 91 timar
Rus og psykiske helsetenester	1249	1287	1144	1184	+ 40 timar
Bu og habilitering Nord og Sør	3779	3982	2999	3347	+348
SUM	8220	8783	6679	7609	+ 930 timar

\*) DS= Dagsenter. AF= Aktiv Fritid (inkludert støttekontakt)..

Rus- og psykiatriske tenester har auke i tal brukarar og vedtakstimar. I stor grad er dette knytt til auka pågang av personar knytt til hovudforløp 1, som er lette og moderate lidningar med venta kort forløp. I tråd med kommunedelplanen er det arbeid med ei omstilling mot meir lågterskel psykisk helsehjelp og oppretta fleire lærings- og meistringskurs. Mellom anna med etablering av psykologteneste og bruk av digitale sjølvhjelpsverktøy. I tillegg er det oppretta eigen kontaktelefon for brukarar av tenesta med eigen kriseplan.

Det har i 2019 vore kontinuerleg venteliste på leiligheter i bufellesskapa i Rus- og psykisk helseteneste. Her er det auka pågang og meir komplekse og alvorlege diagnoser som skal ivareta, noko som krev auka kompetanse og bemanning. Samstundes lyt samarbeid med Valen sjukehus forbeholdt kring enkeltbrukarar med trong for tvangsvedtak for å unngå akutte og vanskelege situasjonar.

## Helse

Til tross av utfordringar med rekruttering gjev eining Helse innbyggjarane i Kvinnherad ei god legeteneste med stabile fastlegar og legevakt med lokale legar som har god kunnskap om kommunen vår og spesialisthelsetenesta i nærområdet vårt. Kvinnherad kommune vil halda fast ved ordninga med sjølvstendig næringsdrift, men leggja til rette slik at det er attraktivt å etablere seg og bli verande som fastlege i kommunen.

## Ergo- og fysioterapi

Kvardagsrehabilitering er starta opp i tenesteområde sør gjennom samarbeid mellom Ergo- og fysioterapitenesta og Heimetenester Sør. Det krev meir tid og ressursar i oppstartsfasen enn forventa, men behovet for tenester går ned etter deltaking. Det kan vere ei utfordring å prioritere arbeidet i ein hektisk kvardag. Førebels estimat er at ein time med kvardagsrehabilitering gjev 3 timar mindre tenesteyting. I tillegg kjem den subjektive opplevinga til brukaren med auka meistring av eigen livssituasjon.

Det har i lengre tid vore ynskjer om å samlokalisere fysioterapeutar med driftsavtale og dei kommunale fysioterapeutane. Dette er i 2019 gjennomført med unntak av ein fysioterapeut. Det er sett i verk eit forbetningsarbeid knytt til hjelpemiddellager, mellom anna med nye lokale og nytt digitalt verktøy som fortsett inn i 2020.

## Sosiale tenester

NAV har målkrav både frå stat og kommune. I høve direktoratet sine krav scora eininga særskilt høgt i høve brukarar med overgang til arbeid og rask responstid der brukar ynskjer kontakt. Samarbeid med mange nye arbeidsgjevarar har ført til at fleire personar med hol i CV får ein sjanse til å visa kva dei er gode for. Denne satsinga heng saman med regjeringa sin Inkluderingsdugnad. Eininga var med på å gjennomføra ein særskilt vellukka inkluderingsdag på Husnes.

Låg arbeidsløyse har gjeve eininga høve til å vera tettare på brukarar som står langt frå arbeidslivet. Auka bruk av digitale løysingar har også frigjeve tid til betre og tettare oppfølging. Talet brukarar er stabilt, men vi ser ein reduksjon når det gjeld unge og ein auke i gruppa 40+ år. Auka fokus på ungdom har gjeve resultat og fått mange attende til skulegong eller i arbeid. Eininga har gjeve fleire innbyggjarar tilbod om frivillig forvaltning og gjeldsrådgeving enn nokon gong før. I 2019 gjennomførte eininga prosjekt med familiekoordinator med særskilde gode resultat. Stillinga som familiekoordinator vart gjort fast frå 2020.

Eininga har dessverre hatt nokre trusselsituasjonar i 2019, noko som har ført til at ein har måtta ty til tidsavgrensa utestenging av nokre brukarar. Eit tilfelle var så alvorleg at det har ført til utstrakt samarbeid med politiet.

### **Aktivitet, læring og meistring**

Dei sosiale møtestadene har viktige roller i enkeltpersonar og grupper sine liv. Dei skapar sosialt fellesskap og livskvalitet for ei gruppe som slit med å finne seg til rette i ordinære tilbod. Aktiv fritid føl opp i overkant av 100 personar med vedtak om støttekontakt, deltaking i gruppe eller hjelp inn i ordinære tiltak. Frisklivssentralen driv fysisk aktivitet i grupper, personleg råd og rettleiing med omsyn til livsstilsending, samt lærings- og meistringskurs i samarbeid med ei rekke tilsette frå andre einingar og sektorar.

Eininga føl og opp personar med aktivitetsplikt frå NAV. Dette er unge personar som treng struktur, innhald og gode opplevingar i kvardagen gjennom relevant aktivitet og arbeid. Det har mot slutten av 2019 og vil utover i 2020 vere eit særskilt fokus på å utvikle tenesta. Målet er både auka kapasitet og større variasjon i aktivitetar og arbeid slik at vi i størst mogleg grad kan tilpasse dette til kvar enkelt deltakar. Dette krev eit samarbeid og innsats på tvers av sektorar.

### **Integrering og opplæring**

Kommunen skulle teke i mot 15 flyktningar i 2019, men av ulike grunnar var det berre 7 som kom. Dei resterande kom ikkje før i 2020. Dei siste flyktningane som er komen til kommunen er familiar med mange barn. Tal elevar på vaksenopplæringa for denne gruppa går dermed ned.

I tillegg til flyktningar så har eininga undervisning til personar som er gifte med norske innbyggjarar, om lag 20 personar, samt arbeidsinnvandrarar.

Det er totalt 73 elevar til saman som går på norsk, samfunnskunnskap og/eller grunnskule. Dei er på forskjellig nivå, forskjellige spor og er fordelt på ulike grupper. Ein del elevar har lyst å gå vidare på eit utdanningsløp og dei fleste av dei elevane treng grunnskulefag. Det høgaste nivået er B1/B2 som er avansert norsk. Det er eit fåtal som gjennomfører dette i løpet av den tida dei er i introduksjonsprogrammet.

### **Matforsyning**

Målet til eininga er at alle måltida på institusjonane skal vere av høg ernæringsmessig kvalitet, samstundes som det skal smake og lukte godt.

Det vert lagt vekt på at mat som vert servert ved institusjonane i Kvinneherad kommune er laga av gode råvarer og skal vere basert på tradisjonell husmannskost med ekstra stas på fest- og høgtidsdagar. Måltida vert tilpassa dei ulike brukarane med tanke på diettar og anna spesialkost. Individuelle ynsker vert innfridde så langt det let seg gjere.

### **Samarbeid med frivillig sektor**

Samarbeid med frivillig sektor skal vere eit satsingsområde. For omsorg-, helse-, og sosialtenesta handlar samarbeidet med frivillig sektor om å skape betre tilbod, gode opplevingar og verdige liv. Organisering og bidrag frå kommunen er mest sannsynleg avgjerande og det er truleg at små ressursar vi kunne utløyse stor frivillig innsats til gode for innbyggjarande. Rosendalstunet har eigen frivilligkoordinator i 20% stilling. Nokre einingar har

etablerte samarbeid med frivilligheita, men dette kan og må utviklast endå betre. Sektoren har fått kr 100 00 på budsjettet for 2020 som skal nyttast til stimulering av frivillig arbeid.

I kommunedelplanen for sektoren var eit av tiltaka å opprette ei stilling som skulle ha ein koordinatorfunksjon opp mot frivillig arbeid. Det vart ikkje iverksett då det ikkje var rom for det i budsjettet.

### 3.1.1.4 Digitalisering

Kommunedelplan Omsorg, helse og sosial skisserar «Bruk av omsorgsteknologi» som eit av fem satsingsområde. Av tiltak i kommunedelplanen er *Digihelse – Innbyggjardialog i Visma Omsorg Profil* prioritert område. Tiltaket gjer at tenestene kan kommunisere digitalt med pasientar/brukarar ved å sende meldingar, tenestemottakar kan ha oversikt over tenestene sine og kva som er utført og oversikt over dialog. Her kan også pårørande koplast til slik at dei får oversikt og innsikt. Heimetenester Sør er starta opp med tiltaket og arbeidet vert vidareført i andre aktuelle einingar i 2020.

Eit anna tiltak i kommunedelplanen er auka bruk av velferdsteknologi. Dette inneber mellom anna *oppgradering av sjuke-signalanlegg på Husnestunet og Halsnøytunet og infrastruktur for nettverk og institusjonane*. Dette arbeidet er starta opp og vert arbeid vidare med i 2020. Ulike velferdsteknologisk utstyr har vore og er og under utprøving med mål om å investere i det utstyret som er best eigna for vår kommune.

Ein del tilsette har teke vidareutdanning i omsorgsteknologi og det er tilrettelagt for kurs for tilsette innanfor fagfeltet gjennom KS læring.

Nav har teke i bruk eit digitalt system, Digi sos. Fleire og fleire nyttar seg av dette når dei søker om økonomisk stønad, korttidstønad og midlertidig bustad. Ein føremon med dette systemet er at det kan nyttast heile døgnet av alle som har tilgang til data.

Kommunen har starta arbeidet med å implementere det digitale verktøyet Friskus. Friskus er ein digital aktivitetetskalender som skal syne oversikt over alt av aktivitetar, samlingar, kurs og liknande både i kommunale og privat regi. I tillegg er det ein stad å organisere frivillige og å søke etter frivillig hjelp og støtte til ulike gjeremål og aktivitetar. Mange einingar og tilsette har vore involvert i dette som vil verta publisert i 2020.

### 3.1.1.5 Anna

Det har vore gjort eit større arbeid i 2018 og 2019 med kommunedelplan Omsorg, helse og sosial. Det er fyrste gong kommunen utarbeidar ein samla plan for fagområdet og denne skal danne grunnlag for prioriteringar og drift i planperioden 2019-2029. Det er lagt mykje arbeid i å etablere eit godt kunnskapsgrunnlag som saman med nasjonale og lokale føringar gjev mål-, strategiar og handlingsplanar for dei ulike planområda. Det overordna målet er «gjennom omstilling og prioritering, sikre berekraftige tenester til innbyggjarane». Arbeidet syner at det vil vere viktig å ha fokus på

- Tiltak som fremjar god helse og hindrar utanforskap
- Tilgang på personell, med rett kompetanse
- Omstilling mot meir førebygging, tidleg innsats og rehabilitering
- Ta i bruk teknologi som effektiviserer tenesteyting
- Prioritere utvikling og endringsarbeid.

Som årsmeldinga syner har sektoren tiltak, prosjekt og arbeid innanfor alle områda, men det er ei utfordring å setje av tid og ressursar til fag-, endrings- og utviklingsarbeid i ein hektisk kvardag. Dette er likevel eit arbeid som det er avgjerande å lukkast med om vi skal vere i stand til å møte framtidens utfordringar på ein god måte.

Sektoren har delteke i prosjektgruppe saman med seniorgruppa for å arbeide fram seniorsenter med bustader sentralt på Husnes.

Bu og habilitering syner til eit udekkka behov for fleire bustader med heildøgnsomsorg og avlastningsplasser for vaksne personar med funksjonsnedsettingar

### **Tilsyn**

Fylkesmannen i Vestland hadde to tilsyn med kommunens helse og omsorgstenester til heimebuande i 2019. På tilsyn om ernæring vart det undersøkt om kommunens tiltak for å førebyggje og behandle underernæring *sikrar identifisering av ernæringsmessig risiko og av underernæring og oppfølging av tenestemottakarar for å førebyggje og behandle underernæring*. På tilsyn om legemiddelhandtering vart det undersøkt om kommunens tiltak til personar over 65 år som får hjelp av legemiddel sikrar *oppdatert oversikt over tenestemottakars legemiddelbruk og samarbeid med og informasjon til fastlegar og spesialisthelsetenesta om legemiddelbruk (samstemming av legemiddellister)*.

Kommunen fekk følgjande avvik: *Kommunen sikrar ikkje at identifisering og oppfølging av ernæringsmessig risiko og underernæring hjå tenestemottakarane i heimetenestene vert utført på ein systematisk måte*. Dette er retta opp. Det var ingen avvik på legemiddelhandtering.

Bu og habilitering har hatt 3 stadlege tilsyn frå Fylkesmannen med omsyn til HOL kap. 9A., det var funne avvik ved eit av tilsyna. Dette er no retta opp.

NAV hadde tilsyn frå fylkesmannen med tema økonomisk sosialhjelp til personar med forsyntansvar. Det kom då avvik i høve kvaliteten på kartlegging av nye brukarar og manglande dokumentasjon av kartlegginga. Det er gjennomført fleire tiltak for å rette opp i dette og det er løpande kontakt med fylkesmannen om utviklinga.

Miljøretta helsevern har ført tilsyn med institusjonane og gav pålegg om å utarbeide internkontrollsystem for miljøretta helsevern, om å gå gjennom reinhaldsplanane for å tilpasse reinhald etter behov og å gjennomføra inneklimate målingar. Alle pålegg blei utbetra og tilsynet blei lukka.

## 4 Sektor Teknikk og Miljø

### 4.1 Bevilgning

#### 4.1.1 Sektor teknikk og miljø

Sektoren leverer ei rekkje tenester direkte til innbyggjarane. Kvinnherad kommune har fokus på at desse skal ha ein god profil både med omsyn til helse og miljø. Val av løysingar skal tuftast på høg fagleg og kostnadseffektiv kompetanse. I tillegg leverer sektoren interntenester til dei andre sektorane.

Sektor for Teknikk og miljø består av desse einingane:

1. Sektorstab
2. Eining for bygg- og eigedom
3. Eining for prosjektering og utbygging
4. Eining for vatn og avløp
5. Eining for veg og park
6. Eining for brann og redning
7. Eining for reinhald



Husnes - Foto: Olav Nerhus Hatteberg

#### 1. Sektorstab

Sektorstab har ansvar for å bidra med sakshandsaming og merkantile oppgåver til dei andre einingane i sektoren. I tillegg har sektorstab ansvar for heile den kommunale bilparken, og i samarbeid med IT -avd. ansvar for bestilling og utskifting av dei kommunale kopimaskinane / skrivarane.

Per 31.12.2019 har ein denne maskinparken:

- Personbilar: 77 (herav 13 EL bilar)
- Varebilar: 56
- Picup: 4 (derav 3 utleigd til Kyrkja/Fellesrådet)
- Motorreidskap/gravemakinar/lastebil/truck: 14
- Minigravar: 1 (utleigd til Kyrkja/Fellesrådet)
- Traktorar: 6
- Minibussar: 4 (herav skal 2 seljast)
- Tilhengarar: 25
- El- sykklar: 12

## 2. Eining for bygg og eigedom

Bygg og eigedom leverer drift- og vedlikehaldstenester til alle tenesteområder i kommunen. Dette omfattar skulebygg, helsebygg, kulturbygg, idrettsbygg og administrasjonsbygg. I tillegg kjem drift og forvaltning av utleigebustader og kommunale utleigebygg. Samla utgjør dette ein bygningsmasse på **114 000 m<sup>2</sup>**.

Totalt vart det utført omlag 6.000 aktivitetar i samband med drift og vedlikehald i 2019, av dette utgjorde 62 stk. Brann- og DLE tilsyn.

"Booking" av kommunale bygg ut mot lag og organisasjonar og private har ein fått god kontroll på, men det må til ei endring av retningslinjer for at dette skal fungera optimalt.

## 3. Eining for prosjektering og utbygging

Eininga har gjennomført vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innanfor ansvarsområda «50 Vatn», «51 Avløp», «52 Veg- park og idrett», «53 Bygg», «54 Eigedom» og delvis «59 Andre prosjekt».

Eininga har starta arbeidet med å få til betre samsvar mellom politiske vedtak i budsjett/økonomiplan og faktisk framdrift. Det er viktig at budsjett/økonomiplan er realistisk (som bl.a. vil resultera i rette låneopptak) og at ein har tilstrekkeleg og rett bemanning til å gjennomføra i tråd med vedtekne investeringsprosjekt.

Det er arbeidd med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter.

I samband med vedtak om økonomiske løyvingar til større investeringsprosjekt, skal det alltid synleggjerast økonomisk konsekvens for drifta (kapitalkostnad og auka driftskostnad).

## 4. Eining for vatn og avløp

Eining for vatn og avløp har ansvar for drift og forvaltning innan desse tenesteområda:

- a) Drikkevassforsyning
- b) Avløpshandtering
- c) Renovasjon
- d) Tøming av private slamavskiljarar

I tillegg bidreg eininga inn mot prosjektavdelinga, og er «Bestillar» av alle nye VA-investeringsprosjekt i tråd med «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024». Ansvarsområda er underlagt sjølvkostprinsippet, dvs. at alle utgifter, også renter og avdragskostnadar på investert kapital, er finansiert med tilsvarande gebyrinntekter.

### Tekniske nøkkeltal:

- 9 kommunale vassverk, 5.546 abonnentar, noko som er ein auke på 30 stk. i 2019. Av desse er 30% registrert med vassmålar, noko som er ein auke på nesten 4% frå 2018

- Det vart i 2019 tatt 701 vassprøvar.
- 23 kommunale avløps- reinsedistrikt, 4.542 abonnentar, ein auke på 23 stk. i 2019. Av desse er 37% registrert med vassmålar, som er ein auke på 11,5% i 2019.
- 5.830 renovasjons abonnentar, bustadhus
- 1.795 renovasjons abonnentar, fritidshus som er ein auke på 29 stk. i 2019
- 2.883 slamtømeabonnentar, som er ein stor auke på 41 frå 2018. Ein stor del av dette er tankar som ikkje har vore registrerte tidligare.
- 45 overbygde pumpestasjonar
- Overvaking/fjernstyring av alle VA anlegg (PC / nettbrett). Vi overvaker 949 komponentar.
- Kvar av desse overvakast på fleire punkt som temp./ ampere/ mengder/ driftstid/ start/ stopp/ andre parametrar
- 378 km med kommunale VA leidningar
- 16 tilsette, Heilkontinuerleg/dobbel vaktordning, eigen maskinpark

## **5. Eining for veg og park**

Eining for Veg og Park utfører drift og vedlikehald på bl.a. desse anlegga:

- 175 km kommunale vegar
- 22 km kommunale fortau
- 10 kommunale kaiar
- 40 kommunale bruer
- Kommunale fotball og idrettsbanar
- Kommunale parkar og friområde
- Drift av vegljøs på kommunale og fylkeskommunale vegar

I tillegg er ei rekke forvaltningsoppgåver lagt til eininga.

## **6. Eining for brann og redning**

Eining for brann og redning skal levera tenester etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff, samt brannvesenets redningsoppgaver.

Eininga har to avdelingar: Operativ avdeling og førebyggande avdeling.

Operativ avdeling er underlagt forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen og er brannvesenets urykkingsstyrke ved brannar og ulykker. Utrykkingsstyrken består av 76 deltidstilsette brannkonstablar og utrykkingsleiarar fordelt på 8 brannstasjonar i kommunen.

Førebyggande avdeling er underlagt forskrift om brannførebygging og har som hovudoppgåve å hindra at brannar oppstår. Dette skjer ved hjelp av tilsyn i særskilte brannobjekt, øvingar og foredrag, kartlegging og oppfølging av risikogrupper, oppfølging av bekymringsmeldingar. Avdelinga består av avdelingsleiar, branninspektør og feiar. i løpet av 2020 vil det bli tilsett ein feiar til.

Leiinga består av brannsjef, leiar av operativ avdeling, leiar av førebyggande avdeling.

## **7. Eining for reinhald**

Eininga har ansvar for reinhald på nesten alle kommunale bygg. Tenestane skal bidra til eit godt inn klima som skapar trivsel for brukarane, besøkjande og tilsette. All innandørs areal skal ha eit forsvarleg og hygienisk tilfredstillande reinhald. Reinhald er utført etter gjeldande reinhaldsplaner.

#### 4.1.1.1 Økonomi

##### Overskriding driftsbudsjett:

Sektoren hadde i 2019 ei overskriding på kr. **4,8 MNOK**, dette sjølv om budsjettet vart styrka med heile 7,0 MNOK i budsjettrevisjonen sommaren 2019.

Det store forbruket skuldast mellom anna:

- Høge straumprisar på etterjulsvinteren 2019 (jamfør at sektoren betaler for all straum for alle bygg og anlegg i heile organisasjonen, vart før fordelt ut på respektive einingar i heile organisasjonen).
- Fleire store og svært dyre brannutrykningar (t.d. fleire store skogbrannar, ferjebrann Sydnes m.m.). Veldig mange "First responder" utrykningar. Dette har ført til høge personalkostnader og store innkjøp til erstatning av øydelagt utstyr, bekledning (skada av flussyre og brann), slangar og pumper.
- Sektoren har siste åra fått tilført mange nye driftsobjekt utan at tilstrekkeleg med driftsmidlar har følgt med (overtaking fylkesvegar, privatutbygde byggefelt, nye parkar, nye formålsbygg, fleire gateljos, nye kaiar m.m.). Nye bygg gir auka kostnader til oppvarming, reinhald, tilsyn, vedlikehald m.m. Sektoren får alle driftsutgifter (drivstoff, bompengar, forsikring, verkstad m.m.) for heile den kommunale bilparken (vart tidlegare fordelt ut på respektive einingar i heile organisasjonen).
- Klimakrisa har ført til meir rassituasjonar og flaumskader enn tidlegare, noko som i 2019 påførte vegbudsjettet om lag 2,0 MNOK i ekstra tiltak. Det er ynskjeleg med eit beredskapsfond til å dekkja slike ekstraordinære utgifter, slik at kjerneoppgåvene ikkje må li slik som i dag, dette grunna sektor ramme- budsjettering.

Sektoren gjennomfører "Smarte investeringar" med "Grønt skifte" som fokus. Dette gir i utgangspunktet innsparingar på drifta, men det ein opplever er at samla driftskostnader likevel går opp, nemleg på grunn av fleire driftsobjekt. Som døme kan nemnast at i 2019 vart det skifta ut om lag 60 % av gateljosarmaturen frå HQL til LED, men samtidig er det også sett opp veldig mange nye ljospunkt (trafikksikring for innbyggjarane).

##### Sjølvkost:

Desse ansvara er sjølvkostområder i sektoren: Drikkevassforsyning, avløp, renovasjon, slamtøming og feiing. Desse ansvarsområda er 100 % gebyrfinansiert (både drift og investeringar).

På drikkevassforsyning viser etterkalkylen for 2019 eit underskot lik kr 1.520.349,- Ved utgangen av året er sjølvkostfondet lik kr 2.263.748,- I 2019 vart direkte driftsutgifter 10,2% lågare enn budsjettet, kapitalkostnadane vart ca. kr 490.000,- høgare enn forventa. Samla gebyrgrunnlag vart ca. kr 2.030.000,- lågare enn forventa og resultatet vart ca. 5.430.000,- høgare enn budsjettet.

På Avløp viser etterkalkylen for 2019 eit underskot lik kr 2.595.152,- Ved utgangen av året var sjølvkostfondet lik kr 9.075.586,- I 2019 var direkte driftsutgifter 3,7% høgare enn budsjettet, kapitalkostnadane var ca. 300.000,- lågare enn forventa. Samla gebyrgrunnlag vart omtrent som forventa og resultatet vart ca. kr. 6.940.000,- høgare enn budsjettet.

Sjølvkostreglane føreset at over- og underskot normalt skal tilbakeførast eller dekkast inn i løpet av fem år.

Ved utgangen av året er samla gjeld for VA sektoren på kr. 342 MNOK. Renter- og avdragskostandar vert utgiftsført på VA- drift, og inntektsført i det kommunale budsjettet.

Rekneskap frå SIM IKS (renovasjon og slamtøming) ligg vedlagt.

I tillegg vert det ført lønnsrefusjon frå investeringsbudsjettet til dei 8 tilsette på Eining for prosjektering og utbygging.

Dette er forklaringa på kvifor sektoren har ei dobbel så stor omsetning så det budsjettet tilseier. Vidare er det derfor også få einingar å henta ev. innsparingar på.

#### Redusert drift:

Det er i utgangspunktet forholdsvis låg frekvens på reinhaldet, dette etter mange år med reduksjon i budsjetttramme. Det har derfor vist seg utfordrande når det vert etablert fleire driftsobjekt, og når det er ynskje om auka frekvens på reinhaldet, t.d. på helsesenter, sjukeheimar m.m.

Tabellen under viser korleis vegbudsjettet har utvikla seg dei seinare åra, til tross for at vi har fått fleire driftsobjekt inn forbi ansvarsområdet veg.

År	Løyving i MNOK	Omrekn.faktor	Løyving i 2019 kroner
2010	7,9	1,249	9,9
2011	7,0	1,218	8,5
2012	7,2	1,189	8,6
2013	8,2	1,160	9,5
2014	9,2	1,131	10,4
2015	7,4	1,104	8,2
2016	7,7	1,077	8,3
2017	6,6	1,051	6,9
2018	6,6	1,025	6,8
2019	6,7	1,000	6,7

#### Investering:

Eining for prosjektering og utbygging gjennomfører dei fleste av kommunen sine investeringsprosjekt. Samla investeringsbudsjett for 2019 var på kr. 327,4 MNOK der det tilsvarende er brukt/rekneskapsført kr. 126,3 MNOK. Differansen skuldast at ei rekke prosjekt er kome til utføring seinare enn tenkt, og at kostnadane dermed fell på år 2020, men med budsjettmidlar for 2019 (t.d. nytt tenestesenter Husnes, tilkomsveg idrettshald etc.) I tillegg er nokre tiltak sett på vent. Det er og betydeleg med midlar som er løyvd og øyremerka, men ikkje overført, t.d. kommunen sitt bidrag til "Kvinnheradpakken".

#### Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Sektor Teknikk og Miljø</b>			
Lønn og sosiale utg	67 394 660	65 907 952	1 486 708
Kjøp inngår i tj prod	70 887 850	67 684 269	3 203 581
Kjøp erstatter tj prod	2 554 975	2 455 186	99 789
Overføringer fra komm	11 727 893	9 038 711	2 689 182
Finansutgifter	19 549 940	20 449 000	-899 060
Salgsinntekter	-72 227 740	-73 004 224	776 484
Refusjoner	-2 699 671	-2 910 794	211 123
Overføringer til komm	-1 727 331	-575 000	-1 152 331
Finansinntekter	-4 560 357	-3 013 943	-1 546 414
Sum	90 900 219	86 031 157	4 869 062

#### 4.1.1.2 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Sektor teknikk og miljø	7,10 %	7,00 %	0,10 %	90,56	89,77	0,79
Sektorkontor teknikk og miljø			0,00 %	3,3	4,3	-1
Reinhald	11,40 %	10,40 %	1,00 %	38,05	36,4	1,65
Vatn og avløp	3,50 %	3,10 %	0,40 %	16,3	16,5	-0,2
Veg og park	1,20 %	1,30 %	-0,10 %	4,5	5,8	-1,3
Bygg	3,80 %	7,00 %	-3,20 %	15,7	17,1	-1,4
Prosjekt	5,40 %	5,50 %	-0,10 %	7	5	2
Brann og redning	7,10 %	1,30 %	5,80 %	5,71	4,67	1,04

Det har vore fleire langtidsfråvær i 2019. Det er ikkje registrert personskadar med fråvær.

Det er ei kontinuerleg kompetanseutvikling i sektoren, men denne bør absolutt intensiverast.

Alle tilsette har delteke i "10 FAKTOR"- undersøkinga og seinare arbeida med felles tiltak. Resultata/tilbakemeldingane vert gjennomgått i kvar eining, og kompenserande tiltak gjennomført.

I samband med både dagleg drift og prosjektgjennomføring, er det stort fokus på sikkerheit, helse og arbeidsmiljø. "Sikker jobb analysar" vert gjennomført i tråd med skriftleg utarbeidde arbeidsinstruksar. Vernerundar vert gjennomført. Verneombodet er aktiv deltakar på driftsmøter, revisjonar, risikovurderingar, vurdering av arbeidsoperasjonar m.m. Hovudverneombodet har vist stort engasjement for dei ulike einingane, og godt samarbeid er etablert.

Det er rapportert om få avvik i 2019.

Medarbeidersamtalar vert utført. Hovudtrekka frå samtalanane er at trivselen og samhaldet blant dei tilsette er bra.

Nye krav i regelverk og pålegg frå Arbeidstilsynet, krev at dei tilsette i eining for Brann og redning må få vesentleg betra arbeidstilhøve på brannstasjonane, her under bl.a. garderobeanlegg, rein/skitten sone, ventilasjonsanlegg m.m. Branntilsette er overeksponert for kreftsjukdomar, og tiltak må snarleg gjennomførast.

Talet på tilsette per 31.12 2019 er på 172. Dette utgjer 89,3 årsverk, ein auke på 0,5 årsverk sidan året før.

Den store skilnaden i mellom talet på tilsette og talet på årsverk er i hovudsak relatert til tilsette brannkonstablar i eining for Brann og redning. I eining for reinhald er det i tillegg fleire som ikkje har 100 % stilling.

Når det gjeld sjukefråvær, er dette stort sett lågt og dermed akseptabelt i dei fleste einingane. Nokre mindre einingar har litt høgare fråværsprosent, Dette skuldast langtidsfråvær som slår ekstra ut med få tilsette.

Unntaket er Eining for reinhald, der sjukefråværet er på heile 11,5 %. Dette er ei større eining med mange tilsette, og tiltak for å redusera sjukefråværet må iverksettjast.

Heile sektoren hadde i 2019 eit sjukefråvær på 7,2 %. Sektoren utan reinhald hadde

tilsvarande 4,1 %.

### 4.1.1.3 Resultater

#### 1. Sektorstab

Sektor kontor har i 2019 jobba mykje med utleige av kommunale bygningar, og det er laga nye rutinar for arbeidet. Utleige gjeld til lag og organisasjonar og privat personar.

Maskin og transport har søkt Miljødirektoratet om midlar til oppføring av 6 nye ladestasjonar for EL-bilar. Vi har fått innvilga eit tilskot på kr 116 000,- til dette. Dei fleste av desse er no montert, den siste vert montert i veke 12 i 2020. Det er bestilt 3 nye EL-bilar i 2019 og desse vert levert i først del av 2020, vidare er det planlagt kjøp av 3 nye EL-bilar i 2020. Desse EL-bilane erstattar eksisterande fossile kommunale køyretøy.

I tillegg har Kvinnherad kommune fått tilsegn om tilskot til kjøp av 12 nye EL-syklar for utlån til kommunalt tilsette. Tilskotet frå Miljødirektoratet er på kr 176 850,- El-syklane vart levert januar 2020.

#### 2. Eining for kommunale bygg

Også året 2019 har også vore prega av store reparasjonskostnader på bl.a. tekniske anlegg som ventilasjonsanlegg og varmpumper. I tillegg har det vore prioritert førebyggjande vedlikeholdstiltak på den kommunale bygningsmassen. Det har også vore prioritert standardheving av kommunale utleigebustader.

Det er også vidareført ordninga med "Leige til eige modell" på kjøp av kommunale bustader. Det er teikna 10 kontraktar i 2019, som er ei auke på 8 avtaler samanlikna med 2018. Husleige for desse kontraktane vert teke til full inntekt på innbetalingstidspunktet, men 20% vert tilbakebetalt ved endeleg kjøp (del av eigenkapitalen).

Det er direkteselt 4 leilegheiter som var ein del av Bustadpakken del 1 på Husnes. Utanom dette er det selt 1 einebustad til leigetakar.

Arbeidet med "Bustadpakken" del 2 i Rosendal er godt i gang, fyst og fremst med detaljregulering av tomteareal.

Avtalen med Herøysund bustadutleige vart avvikla 31.12.2019. totalt 8 bueiningar.

### 3. Eining for prosjektering og utbygging



Kollektivknutepunkt Rosendal - Foto: S. Øye

Tabellen under viser alle prosjekt med ein bevegelse i rekneskapan på over kr. 500.000,-.

PROSJEKT:	REKNESKAP 2019	BUDSJETT 2019
5024 AUKA KAPASITET HUSNES VBA	4 581	4 521
5026 TILTAK MATRE VASSVERK	3 704	2 739
5033 UTSK.ETERNITT HUSNES VBA	6 037	7 188
5136 SLAMAVSKILLAR EIDSVIK HALSNØY	2 473	2 371
1110 TRAFIKKSIKRING OMVIKDALEN BHAGE	2 370	1 434
1130 TRAFIKKSIKRING SUNDE SKULE	1 424	1 200
5334 VEG VARALDSØY	5 625	10 444
5372 KOMMUNALE VEGAR/KAIER	11 238	13 308
5400 VEGLYS	991	2 772
5430 KOBEBUKTA FISKERIHAVN	-1 257	1 037
5453 KOLLEKTIVKNUTEPKT ROSENDAL	15 379	14 958
5455 OPSANGERVEGEN	724	4 150
5467 RV 48 LUNDSNESET	-15 531	11 025
5739 ROSENDAL FRIIDRETTSANLEGG	676	2 967
5908 HUSNES GRAVPLASS	1 309	1 119
1085 ROSENDAL U.SKULE BASSENG	8 765	5 445
1087 FASADE MAURANGER SKULE	1 123	1 000
2069 NYE AKSEN	43 513	67 344

PROSJEKT:	REKNESKAP 2019	BUDSJETT 2019
2083 SPRINKLING ØLVE ALDERSPENSJONAT	2 606	5 500
3016 GLASSFASADE RÅDHUSET	1 530	1 500
3017 RÅDHUSET RESEPSJONSOMRÅDE	602	500
5320 OMBYGGING KOMM.BYGG	10 869	3 443
5323 MINDRE INVESTERINGSTILTAK	1 340	0
5405 BRANNORDNING ØLVE	3 206	2 241
5406 BRANNORDNING ROSENDAL	1 813	2 071
5703 KULTURSKULE HUSNES	-5 000	0
5737 TILTAK UTBYGGING BRANNSTASJONAR	1 399	1 679
54 EIGENDOM	-1 336	10 026
4024 GRUNNKJØP/TILRETTELEGGING M.M.	1 126	8 999
4051 SAL KOMMUNALE BUSTADER	-2 607	-3 829
5457 UTSKIFTING BRANNBILAR	2 954	3 141
5470 BILPARK	3 310	7 787
2081 BUSTADPAKKE 2017 - 2020	-7 179	-168
2086 SV01 TILKOMSTVEG IDRETTSHALL	709	8 000
2088 FJELLGARDVEGEN VARALDSØY	1 603	0
2091 VELFERDSTEKNOLOGI	964	4 499
3030 PROGRAMVARE IT	1 031	998
4004 UTVIKLING AV NÆRINGSAREAL	3 417	4 500
4025 BIOGASS	500	500
5011 DIGITALE KART	514	326
5478 NESLIA ØVRE	-903	167
5602 FORSKOTERING TYSSETUNNELEN	-750	0
5738 IDRETTS-/NÆRMILJØANLEGG	1 459	6 500
5907 BRANNSIKRING KYRKJER	2 039	3 738

#### "KVINNHERADPAKKEN"

"Kvinnheradpakken" vart vedteken i Kommunestyret i 2018, og bompengesøknad er sendt Stortinget for godkjenning. Tiltaka er finansiert med kommunale og fylkeskommunale midlar i tillegg til bompengar. Kommunal løyving utgjer 13 % av total kostnad. Bompengedelen utgjer tilsvarende 20 %.

#### **4. Eining for vatn og avløp**

Det er høgt fokus på drikkevasskvalitet, og grunna erfaringar frå andre kommunar er prøvetakingsplanen endra slik at det vert gjennomført fleire vassprøvar, blant anna meir spesifiserte prøvar før/etter høgdebassenga. Det er også gjennomført revisjon av rutineoppgåvene. Dette for å gjennomføra enda betre kontroll med sårbare installasjonar, blant anna med tanke på tilgang.

Mattilsynet gjennomførte 4 tilsyn i 2019. 2 av desse var på dei nye anlegga på Ænes og i Matre.

04. desember vart det gjennomført beredskapsøving i samarbeid med KKL og DIHVA.

#### **5. Eining for brann og redning**

Eininga har levert gode resultat på både førebyggjande og operativ avdeling. Ingen vart skada til tross for fleire høgrisikooppdrag i 2019.

På slutten av 2019 vart det tilsett kommunal feiar som har starta arbeidet med kartlegging av behovet for feiing og tilsyn i kommunen.

Det vart tilsett ny branninspektør i 2019 og vedkommande arbeider med oppfølging av særskilde brannobjekt, risikogrupper med meir.

#### **6. Eining for veg og park**

Kvinnherad kommune driftar tre kommunale idrettsanlegg i Rosendal, Husnes og Halsnøy. Desse anlegga er av varierende standard frå nyare anlegg på Husnes til noko lågare standard i Rosendal og Halsnøy. I tillegg er det ein del kunstgrasbanar i kommunen der ein utfører vedlikehald i samarbeid med idrettslaga.

Friområda og turstiar vert drifta i eigenregi og i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Hovudansvaret vårt er stort sett grovare vedlikehald på skog og kratt samt løysing for avfall. Vi har sett ein auke i bruk av område knytt opp mot fjell og nasjonalpark. Kommunen har dialog med friluftsråd og nasjonalparkmynde for å løysa utfordringar med parkering ved fleire sentrale plassar.

Grøntanlegga i kommunen vert drifta som tidlegare men ein har redusert noko i omfang for å spare kostnader. Parken på Husnes langs Opsangervatnet har fått eit løft og er komande år tilbake i drifta.

Det er i 2019 montert gateljos ei rekke stadar, dette for å betra trafikktryggleiken. Det er spesielt fokus på barn og ungdom sin ferdsel, spesielt til og frå skule.

#### **7. Eining for reinhald**

Reinhald har ansvar for reinhald på til saman ca. 90 000 m<sup>2</sup>.

Det er blitt mykje meir ekstra reinhald på sjukeheimar, meir smitte- reinhald, og det er blitt eit stort press frå helsesektoren om meir reinhald utover våre reinhaldsrutinar. Dette går utover reinhaldet andre stadar.

Det er ein del misnøgde brukarar grunna reduserte reinhaldfrekvensar, som fører til meir belastningar og stress blant våre reinhaldarar.

##### ***4.1.1.4 Digitalisering***

Kvinnherad kommune må utnytta mulighetene digitalisering og bruk av IKT gir for auka verdiskaping, innovasjon og bærekraftig utvikling. Formålet med digitaliseringspolitikken er å oppnå forenkling og effektivisering i offentlig sektor, gi bedre tjenester til innbyggjarane, fremja innovasjon og verdiskaping i næringslivet og utvikla et bærekraftig og inkluderande velferdssamfunn.

Fokus på digitalisering vert bl.a. i søknadsprosessar og digital kommunikasjon/oppfølging med

innbyggjarar og entreprenørar.

Det er viktig at sektoren samordnar satsinga på digitalisering med resten av kommunal organisasjon, som igjen må samhandla med fylkeskommune og stat.

#### **4.1.1.5 Anna**

##### **Utfordringar framover, bygd på erfaringar frå 2019**

Utfordringane framover for Sektor for Teknikk og miljø er store, dette fordi det er ei målsetting om lågare driftsutgifter, samtidig som talet på driftsobjekt går opp, og vi har ei klimakrise som stadig gir oss nye utfordringar.

Dette kan løysast gjennom tiltak som:

- Auke i folketalsutvikling som gir auka rammeoverføringar frå Staten, samt auka skatteinngang. Skal ein lukkast med dette, må vi satsa på å oppretthalda dagens arbeidsplassar, etablera nye arbeidsplassar, og ha eit variert tilbod i høve bustadbygging. Det må vidare satsast på ei rekke samferdsletiltak, i Kvinnherad og til/frå Kvinnherad. Gjennomføring av "Kvinnheradpakken" er i så måte eit positivt bidrag.
- Med nye og fleire driftsobjekt, vert det tvingande nødvendig å avhenda ein del objekt "i andre enden". Dette kan skje gjennom strukturendringar.
- Eit beredskapsfond som kan dekkja kostnadane med uforutsette hendingar, vil vera med å sikra stabil drift av kjerneoppgavene til sektoren.

Ekstrem- vær og uforutsette hendingar gjer budsjett- situasjonen i sektoren vår til tider vanskeleg. Når det er sagt viser sektoren seg handlekraftig og løysningsorientert når problema oppstår. Målet framover for sektoren vil vera å driva meir førebyggjande verksemd og på denne måten klara å hindra at dei verkeleg store utgiftene kjem. Til dømes gjennom kartlegging og utbetring av kommunale vegar som kan rasa ut, utbetring av flaumutsette område og god planlegging og gjennomføring av nybygg og kommunal- tekniske anlegg.

## 5 Stab felles

### 5.1 Bevilgning

#### 5.1.1 Seksjon stab

**Seksjon stab** er plassert direkte under kommunedirektør i organisasjonen. Våre tilsette har delegert instruksjonsmynde i høve fagsystem og rutinar innanfor avdelingane sine fag- og ansvarsområde som er:

**Avdeling økonomi - 11 tilsette:** Ansvar for innkrevjing av skatt og kommunale krav, rekneskap med fakturering og utsending av faktura, skatterekneskap, avrekning og utbetaling av skatteoppgjær, og for arbeidsgjevarkontroll i kommunen, overordna økonomistyring, kraftfond, overordna eigedomsskatt.

Skatteoppkrevjaren er fagleg styrt av skatteetaten når det gjeld oppgåvene knytt til skatt og arbeidsgjevarkontroll, og blir målt på resultat sentralt. I 2019 oppnådde kontoret nesten alle målkrava. Det føreligg eiga årsmelding for denne delen.

**Avdeling informasjon - 23 tilsette:**

Ansvar for post/arkiv 3 tilsette, innbyggjarservice 3 tilsette, merkantil ressurs omsorg 5 tilsette og merkantil ressurs oppvekst- 12 tilsette.

Avdelinga totalt sett har hatt særskilt fokus på 2 område, digitalisering og samhandling/ informasjon ut mot innbyggerane. Kvinnherad kommune skal vera ein open og gjennomsiiktig organisasjon og dette er grunnleggande for alt arbeid i avdelinga. Avdelinga har fokus på god informasjon ut til innbyggerane og det skal vere lett for innbyggjarane å nå kommunen.

**Innbyggjarservice** vart etablert våren 2019 og har ansvar for all brukarkontakt, digitalt og i møte med brukar. Sentralbord, heimeside, facebook, instagram, chat, søknadskjema, grafisk handbok.

**Merkantil ressurs:**

**Gruppe Omsorg, helse og sosial:** Dekkar opp alle merkantile tenester knytt til økonomi, personal, anna hjelp til einingsleiarar/sekterleiar i alle einingar i sektoren.

Det har vore ei positiv oppleving å samla merkantilt tilsette med faste møtepunkt og felles fokus og løysing på arbeidsoppgåvene. Alle har gått gjennom fleire interne kurs i program som Compilo (avvik, årshjul m.m.), KS læring, Visma (personalmeldingar) og Elements (arkivet til Kvinnherad kommune).

**Gruppe Oppvekst:** Det har vore gjort eit arbeid for å vurdere kvar dei merkantile er plassert og kva einingar dei skal hjelpa. Alle skulane og barnehagane får hjelp. I tillegg er 3 merkantile knytt opp mot Barn og Familie. Spesialisering innan økonomi, personal, redusert foreldrebetaling, Sfo hovudopptak og faktura, superbrukar ks læring. Fokus på Office 365 (med spesiell vekt på Teams), opplæring i Compilo kvalitets og avvikssystem. 3 utsendingar til Skolesekretærkonferansen i Bergen. 4 nettverkssamlingar med fokus på å tileigna ny kunnskap innan aktuelle fagområde.

**Avdeling IKT - 7 tilsette medrekna lærling:**

Ansvar for drift og vedlikehald nettverk utstyr.

Digitale samhandlings plattformer: IKT har hatt høgt fokus på digital samhandling og utfordringar dette gjev i forhold til datasikkerheit. Mykje av organisasjonen har lenge brukt MS Office 365 som plattform. Dette gjeld spesielt oppvekstsektoren. Resten av organisasjonen har hatt ei gradvis innføring av office 365, både på grunn av omsyn til informasjonssikkerheit, men og av omsyn til lisensavtale med Microsoft. Frå 01.04.20 vil ny avtale, i tråd med økonomiplan, gje dei aller fleste tilsette i Kvinnherad kommune tilgang til meir digitale verktøy som Teams og Sharepoint på dei fleste mobile plattformer (Pc, mobil, Ipad).

Infrastruktur: I 2019 har det ikkje vore store utskiftingar på infrastruktur, men det blei kjøpt inn utstyr til oppvekstsektoren for å styrka 1-1 behov for enheiter til elevar. Utstyr blir skifta ut framover mot hausten 2020.

Trådløst nett: Det vart i 2018 starta innkjøp/utskifting av ein del forelda sendarar for trådløst nett. Dette arbeidet har fortsatt inn i 2019. Det vil framleis vera ca. 50 stk sendarar som må skiftast ut i løpet av 2019/2020. Nokre ute-lokasjonar har fått oppgraderte brannmurar med høgare hastigheit på nett. På skulane vil arbeidet vara ut første halvdel av 2019.

### 5.1.1.1 Økonomi

Resultatet for 2019 syner eit fint overskot. Deler av overskotet kjem frå eksterne midlar som skal setjast over på fond til dedikerte mål, når slik overføring er gjort kan seksjon stab framleis syna til eit overskot.

Seksjon Stab har vore svært nøye med å halda vedteke budsjett mellom anna gjennom fokus på god prosjektstyring med tydelege krav og forventningar til våre leverandørar i høve kvalitet, omfang og kostnad. Tal tilsette er redusert, det er kun tilsett 1 ny person i løpet av året - fleire har slutta, gått av med ulike typar pensjon, bortgang og til annan sektor. Det er ikkje leigd inn vikar ved sjukefråvere, og det var ikkje budsjettert med refusjon sjukepengar.

#### Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Stab felles</b>			
Lønn og sosiale utg	26 775 132	27 248 848	-473 716
Kjøp inngår i tj prod	7 455 263	8 111 201	-655 938
Kjøp erstatter tj prod	1 689 614	1 585 237	104 377
Overføringer fra komm	4 335 299	4 110 378	224 921
Finansutgifter	4 169	1 000	3 169
Salgsinntekter	-3 929 985	-3 995 323	65 338
Refusjoner	-595 426	-225 165	-370 261
Overføringer til komm	-4 200 000	-2 200 000	-2 000 000
Finansinntekter	-195 614	-210 984	15 370
Sum	31 338 452	34 425 192	-3 086 740

### 5.1.1.2 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Seksjon stab	4,20 %	3,70 %	0,50 %	39,84	42,15	-2,31

**Seksjon stab** har til saman 43 tilsette inkludert lærling på IKT. Årsverk er 37,3.

Som leiar for denne seksjonen med 43 dyktige og motiverte tilsette, vil eg nytta også dette høvet til å rosa den måten tilsette har løyst utfordringane og arbeidsmengda. Tilsette som har slutta dei siste åra har som hovudregel ikkje vorte erstatta, med unntak av 1 person som vart tilsett på økonomi frå februar. Oppgåver er digitalisert og effektivisert, og så fordelt på dei tilsette som er att. Fram til no har seksjonen likevel klart å halda oppe eit jamt nivå på tenestene, men me ser at ytterlegare reduksjon i stab ikkje vil vera mogleg i 2020.

Digitalisering gjer arbeidsoppgåvene enklare å utføra, men stiller store krav til gode rutinar, kontroll, kvalitetssikring og rapportering, og til dette treng me ressursar med høg fagleg og digital kompetanse. Målet vårt er heilt klart, me skal følgja den digitale utviklinga i samfunnet, og dei tilsette gjer sitt beste for at ikkje strategi- og utviklingsoppgåvene skal bli slukt av dagleg drift.

Hausten vart prega av bortgangen til økonomisjefen vår. Geir Mogren døydde i september rett etter at det omfattande arbeidet med kommunevalet var over. Geir hadde ansvar for valgjennomføringa og hadde stor glede av det. Kunnskapen hans var svært verdifull for kommunen også på det området, og han fullførte den siste oppgåva si med glans. Bortgangen hans var, og er, eit stort tap for organisasjonen og for oss som kollega og vener, og det har vore ein svært spesiell haust. Konstituert økonomisjef gjekk inn i rolla på kort varsel, og har gjort ein svært god jobb i perioden ut året, og fram til ny økonomisjef kom på plass frå mars 2020.

#### **Fysisk arbeidsmiljø:**

Oppfølging etter vernerunde har vore aktivt jobba med. Det er utført store ombyggingar i resepsjonsområde og kantine, og arbeidskvardagen til tilsette på informasjonsavdelinga er blitt vesentleg betre. Det er sett opp glasvegger med luke, dette er til stor hjelp både for støy og for å fylla krava til innsyn og personvern i det tidlegare opne miljøet her. Innbyggjar får også ei mykje betre velkomst til rådhuset, fordi luka alltid er betjent. Det er bygd eige postrom med digital lås der også skrivar er plassert, og besøksrom med pc, der besøkjande til rådhuset kan treffa saksbehandlar. Alt ligg i første etasje med universell utforming.

#### **Arbeidsmiljø:**

Leiar, avdelingsleiarar og fagkoordinatorar har faste samarbeidsmøte kvar månad. I tillegg er det fast møteplan for kvar avdeling og gruppe, der avdelingsleiar og fagkoordinator tek vidare overordna føringar, i tillegg til fokus på ansvars- og oppgåvefordeling, kunnskapsdeling og fagleg oppdatering. Seksjon stab har føljt opp 10 faktor medarbeidarundersøking for alle våre. I 10-faktorundersøkinga heilt på tampen av 2018 vart faktorane «Rolleklarheit» og «Kompetanseutvikling» fokusområde som me har jobba etter i 2019. Me har hatt to felles personalmøte dette året, der det eine var dedikert til 10 faktor arbeid. Det har vore jobba svært godt med dette utover året, der kvar avdeling har hatt ansvar for å følgja opp sine i høve dei måla som er sett. Intensjonen vår har vore å implementera fokusområda inn i det daglege arbeidet vårt. Det andre felles personalmøtet var i desember, med repetisjon av målsetjing, verdiar og dei forventningar me har til kvarandre, me avslutta med eit felles tapasmåltid i den nye kantina der einingsleiar for Matforsyning ynskte velkomen til den nye, fine kantina. Felles julefrokost seinare i desember saman med resten av rådhuset.

Medarbeidersamtalar er gjennomført med alle tilsette..

**Sjukefråveret var 4,2 % i 2019, ein liten auke i frå tidlegare år. Alt fråvere er kartlagt og avklara, og oppfølging av tilsette er utført i tråd med det regelverket og dei rutineane som me har for dette i organisasjonen.**

### **5.1.1.3 Digitalisering**

#### **KS Læring:**

Kommunen v/ Seksjon stab har gått til innkjøp av læringsportalen KS læring. Kommunen har då valt same vei som meir enn 170 andre kommunar, der over 225 000 tilsette allereie er registrert i løysinga. I følgje KS sine rapportar er tal brukarar aukande.

Oppsummert er nettportalen KS Læring ei nasjonal læringsplattform som gjev alle tilsette høve til deling av kunnskap og kompetanseheving. Tilsette får tilgang til nettkurs, både kommunen sine eigne og frå andre kommunar. Gjeld også kurs som er på arbeidsplassen, der påmelding og registrering går via KS Læring. Aktuelle tema er HMT grunnkurs, «Ny i kommunen» kurs, leiaropplæring, kurs i aktuelle lov- og regelverk, prosjektportal, arkivrutinar, kurs i

legemiddelhandtering, velferdsteknologi, ymse fagkurs innan omsorg, helse og sosial, barnevern.

Enkel pålogging via id-porten. AD integrasjon - HRM organisasjonsoppbygging.

Sektor omsorg, helse og sosial er først ut, og det har vore jobba godt med å få på plass kurs i samarbeid med sektorstaben der. Andre felleskurs er også lagt ut, og det vert jobba med innføring sektor/seksjonsvis vidare framover.

#### **Endring av kommune nr. for Kvinnherad frå 1224 til 4617:**

Iverksett frå 01.01.2020, har pågått eit arbeid med justering av fagsystema i 2019 for å sikra at kommunen er knytt opp til rett kommunenr. Dette har påført kommunen høge kostnader gjennom 2019, medan noko gjenstår til 2020.

#### **Digitalisering på området økonomi:**

Når det gjeld innkrevjing av kommunale krav har kommunen eige innkrevjingssystem. Systemet er effektivt og gjer det lett å følgja opp krava. Dersom krava ikkje vert betalt innan fristen for ei purring kjem neste purring automatisk opp. Tyngre sakshandsaming tek tid og må gjerast manuelt. Det vert sendt ut ei stor mengde purringar, spesielt i månadane med forfall av kommunale avgifter. I 2019 har kommunen sendt ut elektroniske faktura og purringar via SvarUt. Dette for å få ned utgiftene til porto og papir. Ca. 50% opnar den elektroniske posten så det er framleis litt å gå på her. Innkrevjingsresultata for kommunale krav er gode, og mengda eldre restansar blir stadig mindre. Tidlege purringar på eit krav betrar sjansen for at det blir betalt. Det er lettast å få inn nye krav, men også restansane som gjeld eldre krav er på veg ned.


Det er investert i nye modular i rekneskapssystemet, med Web-innsyn for brukarane. Dette gjev innbyggjarane tilgang til å ordna og sjå fakturaane sine på nett. Etter faste kriterie kan innbyggjarane søkja om betalingsutsetjing via web. Dette avlastar sakshandsamar som då kan nytta tida på tyngre innkrevjingsoppgåver. All distribusjon av faktura skjer elektronisk. Det er teke i bruk ein ny modul som gjer at mottakar vil få faktura i ein av fem mulige kanalar. Dette er avtalegiro/e-faktura/vipps/e-post eller på papir. Systemet søker i denne rekkefølga, og sender faktura der det først får treff. Det har teke noko tid å få systemet på plass, og vil bli teke i bruk ved fakturering i mars 2020.

Det er også investert i nye modular i Visma som skal gje betre flyt i interne arbeidsprosessar, og gjera oppgåvene mindre personavhengig.

Anna investering er nye modular i Inkassosystemet som skal effektivisera jobben med å få inn kommunale krav. Det er teke i bruk system for direkte link til Namsmannen. Dette gjer at utleggsforretningar går fortare gjennom systemet. Krava vert sikra fortare og får betre prioritet ved ei eventuell tvangsdekning.

Fokuset på rutinar og struktur når det gjeld e-handel og innkjøp fortset. Målretta opplæring gjev no gode resultat. Innan e-handel hadde kommunen samla e iauka omsetnad på kr. 1,85 mill. frå 2018 til 2019.

Faktura til Kvinnherad kommune 2018 og 2019 (EHF oransje og Scanna blå)



#### **Digitalisering på område informasjon - sak arkiv:**

Kommunen sitt nye saks- og arkivsystem, Elements, er under utrulling i einingane. Opplæring vert gjennomført dels som klasseromundervisning og dels via KS-læring.

Utgåande post blir no sendt elektronisk, enten med løysinga KS-SvarUt eller med epost. Via løysinga KS-SvarUt vart det i 2019 sendt 48.485 brev, mot 26.012 i 2018.

Kommunen legg til rette for at avtalar skal signerast elektronisk. Alle arbeidsavtalar og oppdragsavtalar blir no signert elektronisk. Innspart arbeidstid vil utgjera ca. 450 timar pr. år.

Arbeidet med digitalisering av eigedomsarkivet er starta. Papirarkiv er kartlagt og talt opp i meter for byggesak, oppmåling og landbruk. Arbeid med anbodsinnhenting er starta.

Avdelinga har fokus på god informasjon ut til innbyggjarane og det skal vere lett for innbyggjarane å nå kommunen. Innbyggjarservice vart etablert i 2019 og har ansvar for all brukarkontakt, digitalt og i møte med brukar. Sentralbord, heimeside, facebook, instagram, chat, søknadskjema, grafisk handbok.

#### **Digitalisering på område der IKT har ansvar for innføring:**

Innbyggjardialog: Kommunen har sidan slutten av 2017 hatt muligheit til digital utsending av brev til innbyggjarane i frå fleire av fagsystema. Statistikken syner at slik sending frå oppstart i snitt har auka frå ca 30% til 50%. Frå saksbehandlar har det likevel vore mykje tidssparing ved evt manuell utskrift/forsendinger. I 2019 gjekk det 47065 forsendelsar gjennom KS SvarUT.

Kvinnherad kommune har desse fellesløysningane: digiSOS - Digital søknad om økonomisk sosialhjelp via NAV sine heimesider, med digital forsending direkte til fagsystem. Kommunen var teknisk klar med løysinga i november 2018, og var ein av dei 12 første kommunane som er med på ordninga. Frå heimesidene til NAV har det vore mulig å søkja digitalt frå 25. februar 2019.

digiHELSE – Digital innbyggjardialog mot HelseNorge.no. Tilbyr digitale tenester for dialog mellom brukarar/pårørande og tilsette i heimetenesta/institusjon, visning av heimebesøk/avtalar med muligheit for avlysing, samt varsling av gjennomførte besøk. Prosjektet starta i november 2018, tenesta var oppe frå april 2019.

eSignering – avtalar vart oppretta med DIFI/Posten i 2018, medan innføring av løysinga mot sak arkiv systemet Elements (ePhorte) og Visma Flyt PPT som kom i 2019.

#### **5.1.1.4 Anna**

**Val 2019:** Det er gjennomført kommuneval. Naudsynt materiell er levert til Bergen kommune og valresultat er godkjent.

**Tilsyn beredskap:** Tilsyn frå fylkesmannen sommaren 2019 synte avvik i handtering rundt

beredskap, og i lys av dette er det viktig at kommunen får ytterlegare kompetanse på plass. Det er jobba mykje med dette på tvers i organisasjonen og me er på god veg til å få hand om avvika.

## 6 Seksjon kultur, næring og utvikling

### 6.1 Bevilgning

#### 6.1.1 Seksjon kultur, næring og utvikling

Seksjonen skal arbeide for å utvikle kommunen som stad å bu og besøke og legge til rette for arbeidsliv og fritid. Den skal ta ansvar for heilskap i prosessane, og sørge for at ulike grupper blir høyrde og representerte. Seksjonen skal ta initiativ til og definere aktiviteter, følge opp førespurnader og være ein pådrivar for å skape utvikling innan sine arbeidsfelt.

##### 6.1.1.1 Økonomi

Samla sett hadde seksjonen rekneskap lik budsjett og gjekk såleis korkje med over- eller underskot. Dei fleste fagområda har god balanse i drifta, men innan kulturfeltet har det vore naudsynt med omfattande omdisponeringar. Kulturadministrasjonen har gjort store utgiftskutt ved å unngå innleige og kjøp av tenester. Dei innsparte midlane har i stor grad gått til å dekke underskot i utøvande kulturarbeid i Kvinnherad kultursenter.

Ein del av planarbeidet seksjonen har ansvar for er særskilt kostbart, men mykje av dette vert finansiert av investeringsbudsjettet, fondsavsettingar og eksterne bidrag. Modellen med nokre fast tilsette planleggjarar finansiert over driftsbudsjettet og variable utgifter (konsulentbistand o.l.) finansiert over investeringsbudsjett og fond har vore nytta eit par år no, og viser seg å vere føremålstenleg og gi god fleksibilitet.

#### Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Seksjon kultur, næring og utvikling</b>			
Lønn og sosiale utg	14 305 856	13 682 017	623 839
Kjøp inngår i tj prod	7 603 673	5 866 137	1 737 536
Kjøp erstatter tj prod	2 435 235	1 550 931	884 304
Overføringer fra komm	3 134 665	941 319	2 193 346
Finansutgifter	4 676 128	193 947	4 482 181
Salgsinntekter	-4 908 752	-2 670 207	-2 238 545
Refusjoner	-5 301 582	-1 312 423	-3 989 159
Overføringer til komm	-2 848 260	-1 000 000	-1 848 260
Finansinntekter	-2 342 225	-500 000	-1 842 225
Sum	16 754 738	16 751 721	3 017

### 6.1.1.2 Personal

	Sjkefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Seksjon Kultur, næring og utvikling	2,20 %	2,50 %	-0,30 %	16,65	13,65	3

I stillingane er det ca. to årsverk mellombelse tilsettingar i prosjekt og eitt årsverk er knytt til klinisk veterinærteneste, fordelt på to halve stillingar. Utanom dette fordeler dei faste stillingane seg slik (nokre av dei er delte stillingar og nokre er delt):

Seksjonsleiar	Avdeling samfunnsutvikling	Fagkontor næring og landbruk	Fagkontor kultur, idrett og friluftsliv	Eining Kvinnherad kultursenter
1 tilsett	5 tilsette	5 tilsette	2 tilsette	5 tilsette

Sjkefråveret har vore vedvarande lågt over fleire år. Det har vore arbeidd med oppfølging av medarbeidarundersøkinga i seksjonen i personalsamling. Grunna arbeid med endringar i organisasjonen har planlagde medarbeidersamtalar i fjerde kvartal vorte utsett med eit halvt år.

### 6.1.1.3 Resultater

#### Berekraftsmål og folkehelse

FN sine berekraftsmål vert innarbeidd i ny folkehelseoversikt, i ny kommuneplan og i økonomiplan. Folkehelse har ein vesentleg plass i alt planarbeid og kommunen deltek i det nasjonale folkehelseprogrammet. Programmet har eit mål om å styrka kompetansen til kommunane om kva tiltak som gjer stor effekt på utjamning av sosiale helseforskjellar, spesielt retta mot psykisk helse og rusførebygging. Kvinnherad kommune får gjennom folkehelseprogrammet eit tilskot på 2,4 millionar fordelt over 3 år.

#### Kulturadministrasjon

Kulturadministrasjonen har ansvar for dei tre kommunale musea, av desse er det berre Skipsbyggjarmuseet med Skaalurensamlinga som held publikumsoppe i sommarsesongen. Idrettslag og organisasjonar syner stort og aktivt engasjement, og kulturkontoret blir ofte kontakta om råd og rettleiing knytt til både finansiering og innhald. Kulturstipendet blei tildelt Aleksander Rebaudo. Arbeidet med kulturminneplan er take opp og er forventa avslutta i 2021.

Spelemlidar	Kommunalt/privat samarbeid om anlegg	Kulturtilskot	Den kulturelle skulesekken
2 mill. kr.	2 mill. kr.	3,8 mill. kr.	0,3 mill. kr.

#### Kvinnherad kultursenter

Arrangement sei siste åra kan oppsummerast slik:

Arrangement i kultursenteret	Tal selde billetter			Tal frammøtte			Tal arrangement		
	2019	2018	2017	2019	2018	2017	2019	2018	2017
Kino	13499	14385	12558	13293	15988	13683	286	282	235
Dans	700	-	-	1300	-	-	2	-	-
Show	2652	-	-	2672	-	-	14	-	-

	Tal selde billetter			Tal frammøtte			Tal arrangement		
Musikk	<b>2047</b>	1549	1448	<b>2788</b>	2224	2224	<b>21</b>	12	12
Scenekunst	<b>710</b>	1196	2273	<b>1019</b>	3568	2445	<b>11</b>	18	10
Litteratur/foredrag	-	0	225	<b>500</b>	410	1081	<b>7</b>	5	9
Kurs/konferansar	-	-	-	<b>2127</b>	1951	1375	<b>57</b>	53	29
Prøver/øvingar	-	-	-	<b>5670</b>	5562	6650	<b>162</b>	159	145
Anna	-	-	-	<b>13310</b>	5643	9125	<b>162</b>	105	149
<b>Totalt</b>	<b>19608</b>	17130	16504	<b>43309</b>	35346	36583	<b>722</b>	634	589
<b>Andre arrangement</b>									
Den kulturelle skulesekken	-	-	-	<b>616</b>	926	-	<b>33</b>	34	-
Den kulturelle spaserstokken	-	-	-	-	-	-	<b>13</b>	13	-

Kultursenteret har hatt fleire eigenproduksjonar i eigen regi og i samarbeid med andre lokale aktørar. Kinoen hadde nedgang i besøket på 3,2%. Dette var delvis venta då det hadde vore stor vekst året før og det i 2019 var mangel på gode norske filmar. Kultursenteret har også i 2019 hatt auke i aktiviteten, men har ikkje hatt tilstrekkeleg inntening til å gå i økonomisk balanse.

Forprosjektet for å få møteplass mellom biblioteket og kulturhuset vart ferdigstilt, dette er del av utvikling av Husnes som regionsenter.

### Næringsutvikling

Frå næringsfondet har det vore 15 tildelingar på til saman kr. 235.000,-. Tilflyttarsamling i kommunen vart arrangert i lag med Kvinnherad Næringssservice og det har vore laga velkomstpakkjar til tilflyttarar. Det vart støtta opp om distriktsbutikker via Merkurprogrammet. Medlemskapen i Kvinnherad Næringssservice vart oppretthalden og det vart betalt tilskot til drift av Kvinnherad Studiesenter og gitt tilskot til Landbruksrådgivinga Vest. Arbeid med strategisk næringsplan starta opp i 2018 og vart vidareført i 2019.

### Landbruk og utmark

Det er om lag 40.000 dekar jordbruksareal i drift i kommunen, og det er nettotilgang av dyrka mark grunna omfattande nydyrking. Overskotsmassar frå byggeprosjekt vert nytta til å byggja ut nytt jordbruksland. Seksjonen har vore aktiv i prosjekta «Landskap i drift» og i «Liv-og-lyst».

Det er stor pågang frå unge som vil overta gard og entusiasme og satsing pregar landbruket i kommunen. Kommunen har ei eiga Facebookside for landbruk som vert nytta til informasjons- og motivasjonsarbeid.

Det er vidareført eit stort utviklingsprosjekt der ein saman med Fatland slakterier, NMBU, Baroniet Rosendal og fleire andre verksemder skal utforske nye driftsformer innan sauehaldet.

Kommunen har arrangert ni landbruksfagmøte saman med Norsk Landbruksrådgiving Vest og dei to skogeigarlaga i kommunen.

Landbruk og utmark	2019	2018	2017	2016
Søknader om produksjonstilskot (saker/sum tilskot)	238/57.000.000	234/-	235/-	242/-
SMIL spesielle miljømidlar (tal saker/sum)	31/985.000	23/568.400	24/654.250	29/763.450
NMSK –nærings -og miljøtiltak i skogbruket	180.000	60.000	-	-
Motivasjonsmidlar om forynging i skogbruk (ny ordning)	70.000	-	-	-
Bygdeutviklingssaker Innovasjon Norge (saker/sum tilskot)	6/5.600.000	12/8.705.000	13/7.854.000	6/5.050.000

Landbruk og utmark	2019	2018	2017	2016
Tilskot til grøfting (statleg/kommunalt)	75.000/103.000	-	-	-
Saker etter lov om motorferdsle utmark	25	21	14	10
Saker etter jordlova	12	15	22	17
Saker etter konsesjonslova	9	25	11	15
Løyve til nydyrking og deponering (saker/dekar)	15/83	15/140	11/229	7/42
Skogshogst i kubikkmeter	17.000	22.000	18.037	27.714
Skogplanting i dekar	320	162	-	-
Bygging av landbruksveg, km.*	7	4	-	-
Fellingsløyve/felte dyr hjort**	1.668/1.296	1.455/1.197	-	1.319/1.026
Fellingsløyve/felte dyr rådyr	130/35	130/33	-	-
Tal trafikkskadd vilt (påkøyrslar/avliving)	38/25	62/31	-	-
Tal skotpremiar (rev/mink/mår/kråke)	47/35/7/141	67/29/7/162	-	-

\*Det var løyvd kr 250.000 frå Kvinnherad kommune til skogsvegar. (kr 275.000 i 2018)\*\*  
Fellingsprosent 77.7 % i 2019 (82.3 % i 2018)

### Turisme og vertskap

Kvinnherad turistinformatjon er lokalisert i Folgefonnsenteret og har ope kvardagar heile året med utvida opningstid i perioden frå 13. april til 29. september. Då det ikkje har vore dagleg leiar i Stiftinga Folgefonnsenteret har turistinformatjon teke seg av dagleg drift og opningstider for senteret i 2019.

Det var 31.272 besøkjande innom dørene i turistinformatjonen, mot 34.800 i 2018.

Turistkontoret informerer om tilbod til besøkjande i Kvinnherad, hjelper bedriftene med informatjon og brosjyrar, tek imot presseturar, turoperatørbesøk og assisterer ved cruiseanløp og yachtar som besøkjer Rosendal. Turistkontoret deltek også på samlingar for turistkontora i Hardanger og Sunnhordland, og er kontaktpunkt for koordinering av diverse marknadsførings- og produktutviklingstiltak som vert gjennomførte av desse. Det har vore arrangert ulike bedriftssamlingar i samband med politisk sak om cruiseturisme og strategisk næringsplan.

Kommunen er medlem i Visit Hardangerfjord, Visit Sunnhordland og Cruise Destination Hardangerfjord og nyttar dette som marknadsføringskanalar for tilbod og attraksjonar i Kvinnherad.

I oktober 2019 vart det tilsett ein naturveglear i 100% prosjektstilling med midlar frå Miljødirektoratet i eit år for å laga, testa ut og etablera opplegg for naturveglearing for kommunane rundt Folgefonna nasjonalpark.

### #kvinnherad2050 og kommuneplanlegging

I mai 2019 vart planprogrammet til ny areal- og samfunnsdel til kommuneplanen vedteke, og arbeidet med sjølve planen er godt i gang. Det har vore lagt stor vekt på brei medverknad, mellom anna gjennom folkemøter, sosiale medium og ved bruk av gjestebod-metoden. Dette har vist seg å skape engasjement, og det har kome inn om lag 500 innspel frå lag, organisasjonar og einskildpersonar. Nettsida [www.kvinnherad2050.no](http://www.kvinnherad2050.no) er den viktigaste informatjonskanalen for kommuneplanprosessen. I #kvinnherad2050 ser ein utfordringane til Kvinnherad gjennom perspektiva frisk, attraktiv og grøn, og kommunen tek i bruk FN sine mål om berekraft når vi lagar mål og strategiar for framtida.

I tillegg til den overordna kommuneplanen har det vorte jobba med desse kommunedelplanane:

- KDP Omsorg, helse og sosial (vedteken).
- KDP Samferdsle.
- KDP Vatn og avlaup
- KDP Næring (strategisk næringsplan)
- KDP Kulturminne
- KDP Landbruk
- KDP Regionsenteret Husnes

**Reguleringsplanlegging** Seksjonen har også hovudansvar for utarbeiding av reguleringsplanar der kommunen er sjølv er forslagstillar. I 2019 har det vore arbeidd med desse planane:

- Områdereguleringsplan Sunde
- Områdereguleringsplan Rosendal
- Reguleringsplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand (stopp pga kulturminnefunn)
- Reguleringsplan for Fjelbergsambandet
- Reguleringsplan for ny ferjekai Varaldsøy
- Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Herøysund
- Reguleringsplan for omlegging av Fv107 Austrepollen – Nordrepollen (deltaking i prosess)
- Reguleringsplan for FV48 Krokalandet (oppstart)
- Reguleringsplan for idrett-/skuleområde Husnes
- Reguleringsplan for Børnes industriområde
- Reguleringsplan for Erslandsparken
- Reguleringsplan for Lundsneset (reguleringsendring)
- Reguleringsplan for Heradstun
- Reguleringsplan for grøn næringspark Husnes industriområde

#### **Naturvern, naturfare og klima**

Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, som igjen vil føra til meir overvatn. Dette gir auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred.

Stormflonivåa er venta å auka som følgje av havnivåstiging og villare vår. Gjennom 2019 har medarbeidarar i seksjonen følgt statlege og fylkeskommunale samlingar om temaet. I 2019 fornya kommunen samarbeidet om kommunegeolog i regionen (vertskommune Kvam).

I 2019 kartla kommunen flaumfaren i sju vassdrag; Hattebergs- og Melselva, Handelandselva, Åkraelva, Uskedalselva, Bondhuselva, Guddalselva og Omvikdalselva (20-, 200- og 1000- års gjentaksintervall). Kommunen starta òg arbeidet med å leggje ned byggje- og deleforbod kring kartlagt faresone for kvikkleire, samt buffersone, på Tofte (Halsnøy).

Kommunen fekk tilsegn på tre av søknadane om klimasatsmidlar, to av dei levert av seksjonen: Elsykkel-ordning (utlån av el-syklar til tilsette). Kommunen merkar skjerpa krav frå overordna myndigheiter når det gjeld kartlegging og dokumentasjon av naturfarar som ras, flaum og kvikkleire.

#### **6.1.1.4 Digitalisering**

Folkehelseoversikta vert laga for digital lesing. Det er eit mål i oversiktsarbeidet å gjere oppdatert statistikk og tal lett tilgjengelege

Søknadsprosessen for produksjonstilskot i landbruket og tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel er no så og sei heildigitalisert. Det same gjeld dei fleste andre søknadsordningane landbrukskontoret administrerer og søknader via Innovasjon Norge.

Kvinnherad kommune er medlem i både Visit Hardangerfjord og Visit Sunnhordland. Begge destinasjonsselskapa har hatt auka fokus på marknadsføring i sine digitale kanalar, noko som har resultert i fleire følgjarar og større synlegheit.

Arealplanar, natur- og kulturinformasjon, naturfare mm. blir stadig betre og breiare presentert i kommunen si kartløyising på internett (kommunekart.com).

### *6.1.1.5 Anna*

#### **Viktige prosjekt**

Prosjektet «Modige talent» vart førebudd og starta opp i regi av kultursenteret i 2019 med planlagt gjennomføring i 2020. Dette skal vere eit inkluderande tilbod for barn og ungdom; eit tiltak utan krav om talent eller personleg økonomi. Arbeidet vert knytt opp mot UKM (Ung Kultur Møtes) og skal gi unge motivasjon og ferdigheiter til å delta i sceniske framføringar, teknisk produksjon, kinodrift og kanskje også Den kulturelle skulesekken.

Kvinnherad si tilknytning til E39 er avgjerande viktig, og seksjonen har prosjektleiinga for arbeidet med «Sunnfast». Dette inneber m.a. oppdragsleiing for konsulentar og møteverksemd og koordinering mellom dei tre kommunane Kvinnherad, Stord og Tysnes.

Seksjonen har arbeidd mykje med potensialet for produksjon og bruk av hydrogen i Kvinnherad. I 2019 har desse tre prosjekta vore i fokus:

1. Fremje Kvinnherad kommune og særleg Husnes som lokasjon for storskala produksjon av hydrogen.
2. Utvikla snøgggbåtar på hydrogen. Samarbeid med SKL og reiarlaget Rødne for å utvikle eit hurtigbåtkonsept på hydrogen med utgangspunkt i ruta Rosendal-Bergen.
3. Etablering av Hydrogenvegen AS, eit selskap som skal drive fram hydrogenprosjekt og få på plass fyllestasjonar langs E134 mellom Austlandet og Vestlandet. Samarbeid med kommunane Odda og Notodden.

## 7 Seksjon Forvaltning

### 7.1 Bevilgning

#### 7.1.1 Seksjon forvaltning

Seksjon forvaltning utfører oppgaver knytt til reguleringsplanar, miljøretta helsevern, eigedomsskatt, byggesak og tilsyn, kart og oppmåling, og juridisk rådgjeving i organisasjonen knytt til m.a. forvaltningsjuss.

Ein byggesaksbehandlar slutta i begynnelsen av juni, ny saksbehandlar starta i slutten av august. To tilsette gjekk av med pensjon på kartforvaltning og oppmåling. Ei av stillingane vart tilsett i juni mens den andre stillinga stod vakant frå 1. juli. Ein av pensjonistane jobba noko under pensjonistvilkår ut året. Juridisk rådgjevar gjekk ut i mammapermisjon i april og vi hadde vikar for henne fram til oktober. Det var noko lengre tids sjukdom på byggesak.

Stor saksmengde av byggesaker førte til at fleire saker ikkje vart svara på innan tidsfrist. Det er og stilt fleire spørsmål om mangel på tilsyn i byggesaker. Sak om tilsyn som var oppe til behandling i 2018 blir tatt opp igjen i 2020.

I budsjettarbeid for 2020 vart det tatt med at med stort arbeidspress med byggesaker og dispensasjonar ser ein at det stadig er behov for fleire ressursar i tillegg til fleire digitale verktøy for å kunne gi dei tenestene ein skal med å behandle søknader innan tida, i tillegg til å rettleie publikum og firma.

##### 7.1.1.1 Økonomi

Avvik på "kjøp inngår i tj prod" er underbudsjetterte utgifter til lisensar. Dette er lisensar til Norkart som vi betalar kvart år, men som varierer frå år til år.

Avvik på "kjøp erstatter tj prod" er fordeling av løn som gir underskot på lønskostnad på kartforvaltning og økt utgift her.

Avvik på finansutgifter er bruk av fond. Vi finn igjen avviket på finansinntekter som og gjeld fond.

Salsinntekter gir det største avviket. På byggesak er det er fleire saker, spesielt dispensasjonssaker, som ikkje blir fakturert fordi vi ikkje behandlar saka innan frist. På slutten av 2019 fekk vi unna fleire saker innan frist og fekk inn ein stor del inntekter. På private reguleringsplanar er det budsjettert høgt med inntekter, men dette varierer stort frå år til år. I 2019 vart det starta opp fleire nye planar, men desse har ikkje gitt så mykje inntekter i 2019.

For 2019 vart gebyrsats og -struktur på fleire av sjølvkostområda endra for å gi eit rettare bilete på dekning av kostnadar. Når vi ikkje får fakturert for alle saker pga at vi ikkje når fristane, ser vi ikkje det igjen i rekneskapet. På private reguleringsplanar vart gebyra endra ift arbeid med endring av planar, men då endringar har gått kraftig ned i 2019 ser vi heller ikkje dette igjen i rekneskapet.

Refusjonar har avvik då det var budsjettert for mykje i refundert fødselspermisjonsmidlar.

## Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Seksjon Forvaltning</b>			
Lønn og sosiale utg	9 152 458	9 410 831	-258 373
Kjøp inngår i tj prod	903 802	464 166	439 636
Kjøp erstatter tj prod	328 829	205 068	123 761
Overføringer fra komm	246 788	187 771	59 017
Finansutgifter	139 674	0	139 674
Salgsinntekter	-5 228 716	-7 213 935	1 985 219
Refusjoner	-493 744	-603 530	109 786
Overføringer til komm	-289 909	-260 429	-29 480
Finansinntekter	-137 706	0	-137 706
<b>Sum</b>	<b>4 621 476</b>	<b>2 189 942</b>	<b>2 431 534</b>

### 7.1.1.2 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Seksjon forvaltning	4,40 %	6,60 %	-2,20 %	11,2	12,1	-0,9

Det var noko nedgang (2,2 %) i sjukefråvær frå 2018 til 2019.

Område	Tal tilsette	Årsverk i %
Seksjonsleiar	1	100
Juridisk rådgjeving	1	100
Byggesak	4	340
Kartforvaltning og Oppmåling	3	280
Reguleringsplanar	1	100
Miljøretta helsevern	1	100
Eigedomsskatt	1	100

Endring totalt i årsverk frå 12,1 til 11,2.

Vi gjennomførte medarbeidersamtalar i mai.

83 % av medarbeidarane på Seksjon forvaltning svarte på 10 Faktor undersøking. Vi hadde personalmøter der vi gjekk gjennom resultatane og jobba med prioriteringar og fokusområde.

### 7.1.1.3 Resultater

#### **Byggesak**

Største arbeidsoppgåver for byggesak er søknad om deling, dispensasjon og tiltak. Det er motteke noko fleire søknader enn året før. Det er fleire kompliserte saker enn tidlegare, der tolking av kommuneplan eller reguleringsplan spelar inn. Fleire søknader er mangelfulle, noko som er tidkrevjande.

Det er motteke 73 delingssøknader og behandla 66 delingssaker med ei gjennomsnittleg behandlingstid på 20 dagar.

Det er gitt ferdigattest i 118 saker og mellombels bruksløyve i 16 saker.

Det vert elles gitt god rettleiing til søkjarar i telefon, i møter, forhandskonferansar og pr. post/e-post.

Byggjeaktiviteten i Kvinnherad har vore på det gjevne.

Fleire søkjarar - både privatpersonar og firma – har opplevd at dei ikkje får svar på søknad innan lovpålagt saksbehandlingstid. Med vakanse i 3 månader, lengre sjukefråvær og fleire kompliserte saker er det fleire saker vi diverre ikkje får behandle innan fristen. Det er gitt midlar for 2020 for styrking med ressurs på byggesak i tillegg til å skaffe digitale løysingar for å effektivisere saksbehandling.

Stor del av sakene vi får inn har dispensasjonssøknad, anten frå plan eller frå pbl. § 1-8 og strandsonerettet. Behandling av dispensasjonssaker krev mykje til sjølve saka, men endar ofte med klagebehandling etter avslag, noko som er ein tidkrevjande prosess.

Vi har ikkje hatt kapasitet til å føre tilsyn med nye tiltak eller eventuelle ulovlege tiltak ut over saker der det er mogleg fare for liv og helse. Dette kan truleg løysast med å styrke byggesak med meir ressursar.

#### **Kart og oppmåling**

##### **Gjennomførte arbeidsoppgåver:**

Type saker	Tal på saker
Arealoverføring	25
Deling av grunneigedom	61
Grensejustering	15
Grensepåvising/grensegang	26
Retting av matrikkelkart	7
Seksjonering/reseksjonering	14
Utstikking (konsulentoppdrag)	14
Saker for jordskifteretten	4
Eigenfråsegn om konsesjonsfridom	244 (av desse er 59 handsama av landbruk)
Samanslåing av eigedommar	8

Alle saker er handsama innanfor frist.

Tilsette på kontoret skriv delegert delingsløyver, delegerte dispensasjonar, samt seksjonering- og reseksjoneringsløyver. Saker om adressenamn går til politisk behandling.

Det har gått med ei god del tid til rådgjeving for private og bedrifter og til andre kontor i kommunen til rådgjeving i eigedomsfaglege spørsmål.

Personell frå oppmålingskontoret har og gitt opplæring av andre kommunalt tilsette i bruk av

kartprogram og liknande oppgåver. Lik eins er det brukt ein del tid til ajourføring av digitale kart. Kommunen mottok nye ortofoto i 2019. Oppgåver oppmålingskontoret bidreg med gjennom Ambita Infoland er i 2019 ca 30 saker. Året 2019 var og prega av mykje arbeid knytt til regionreforma og nytt kommunenummer.

Nye adressenummer vert tildelt i samband med byggemelding. Det vart oppretta 2 nye vegnamn i 2019.

To tilsette gjekk av med pensjon i 2019. (Mai og juni). Ein ny medarbeidar vart tilsett (juni).

### **Reguleringsplanar (private)**

Reguleringsplanar blir behandla som demokratiske prosesser, der både private partar som er naboar, grunneigar, interessegrupper, lokale bedrifter etc. og offentlege mynder, nabokommunar, kommunen sine fagorgan m.m. har høve til å uttale seg og påverke planen.

Type saker	Tal på saker
Oppstartsmøte	4
Politisk oppstart	10
Utlegging til off. ettersyn	3
Godkjenning (politisk vedtatt)	2
Reguleringsplanendringar	3
Påklaga plan	2
Mekling	1
Planprogram	1

Av dei 2 planane som vart godkjent er det:

- 1 plan som opnar for næring°Utleiefritidsbustadar (Raudholmen på Varaldsøy); planId.: 20160013
- 1 plan som beskriver/utvider/endrar infrastruktur°Trebåtsenter i Rosendal med museumskarakter; planId.: 20160008

Merknader og motsegn

- Det har kommen ein del merknader frå fagmynde i utleggingsfasen. I dei fleste tilfelle har rask dialog med fagmynde per brev/telefon ført til eit tilfredstillande resultat.
- Planforslaget for trebåtsenter (planId.: 20160008) har vore på dialogmøte hos fylkesmannen
- Ingen planforslag har vore til mekling hos fylkesmannen (departementet)

Talet på reguleringsplaner har stagnert noko i 2019, men det varierer frå år til år. Arbeidsmengde har auka kraftig, då det er fleire fagvurderingar som må gjerast og temakart som skal utarbeidast. Loven har blitt meir komplisert særleg med sikte på særlover og krav til planoppstartsmøte.

Talet på endring av reguleringsplan har gått kraftig ned.

### **Miljøretta helsevern**

Miljøretta helsevern medverkar til at universell utforming og tilgjenge vert iverteke i planarbeid og i byggesaker. Ein gir uttale til private byggeprosjekt, til dømes fleirleilegheitsbygg.

I 2019 utførte miljøretta helsevern tre tilsyn i institusjonar og tre i skular.

Miljøretta helsevern utforma lokal forskrift om tiltak for å motverke fare for forureining frå nedgravne oljetankar. Forskrifta vart godkjent i Kommunestyret i mai 2019.

Miljøretta helsevern har fått godkjenning til å skriva ut hygienesertifikat på skip.

Det vart gjeve 15 utsleppsløyver i 2019. Det er etablert ny rutine for kommunale utslepp der søknad om utslepp vert sendt inn på lik linje med andre søkjarar.

Klager over telefon eller e-post vert ofte løyst over ein telefonsamtale etter råd om tiltak. Det vert oppmoda til å senda skriftleg klage.

Synneve Skei er kontaktperson for vassområdet Sunnhordland med ansvar for å rapportere feil eller tilleggsopplysningar som har med vassforvaltninga i kommunen. Ny regional vassforvaltningsplan med tiltaksprogram var på høyring i 2019. Planprogrammet for planen vart vedteke av Vestland fylkesting 17.12.2019.

Fylkesmannen i Vestland gjennomførte november 2019 inspeksjon ved Kvinnherad kommune sin mynde på avløpsområdet.

### **Eigedomsskatt**

Forvaltning har ansvaret for utskriving og sakshandsaming av eigedomsskatt i samsvar med vedtak i kommunestyret, og har i 2019 skriva ut eigedomsskatt for både næring og private eigedomar. Ajourføring og taksering skjer dette året kontinuerleg i høve nybygg og endringar i bygningsmasse, slik er eigedomsskatteregisteret til ei kvar tid oppdatert. Det blei utskriva eigedomsskatt for 70 mill. i Kvinnherad kommune i 2019.

Melding om skatt og takst vart utsendt i slutten av februar, samtidig som skattelistingene blei utlag for offentleg ettersyn. Eigedomsskattekontoret mottok ca. 18 klager. Av desse blei 3 saker behandla av eigedomsskattekontoret som openbare feil. Sakkunnig nemnd ga delvis eller fullt medhald til klagar/ fritakssøknad i 6 saker. 3 klager vart over sendt til sakkunnig ankenemnd for endelig vedtak. Ankenemnda vedtok taksten frå sakkunnig nemnd i 2 av sakene, i 1 sak fekk klagar delvis medhald.

Samarbeidet mellom eigedomsskattekontoret og sakkunnig nemnd/sakkunnig ankenemnd har fungert på ein god og konstruktiv måte.

#### ***7.1.1.4 Digitalisering***

Det er ikkje gjort investeringar i 2019 i nye digitale verktøy, men for 2020 er det budsjettert for å få verktøy som skal effektivisere saksbehandling.

#### ***7.1.1.5 Anna***

På slutten av 2019 har vi på kartforvaltning/oppmåling ei vakant stilling som vi vil lyse ut til våren.

Det er stor arbeidsmengde på private reguleringsplanar, men på inntektssida varierer det stort frå år til år då det tar tid frå planane har oppstart til dei blir endeleg godkjent.

På byggesak er det stor mengde saker og stor restanseliste, i tillegg til eit uttala behov for å føre tilsyn med byggeprosjekt. Vi vil få noko meir ressurs i 2020 for å få unna fleire saker.

Vi starta ikkje større prosjekt på området forvaltningsjuss då vi hadde vikar i 2019.

På eigedomsskatt har vi hatt nokre tyngre klagesaker å jobbe med i 2019. Det er behov for å støtte seg på ekstern kompetanse i desse sakene og vi kan sjå fordel med å skaffe seg større kunnskap om juridiske problemstillingar internt på fagområdet.

Sjukefråvær gir spesielt utfordringar der fagområdet ikkje er fordelt på meir enn ein ressurs. Det kan vere vanskeleg å få tak i vikar innanfor snevre fagområder, difor må vi heller sjå på å bygge opp eit miljø der fleire saksbehandlarar kjenner til fleire fagområder.

På slutten av året var organisasjonen evaluert. Som ein konsekvens av evaluering er det sett i gang arbeid med organisasjonsendringar som vil endre strukturen på seksjonen. Dette arbeidet går vidare og blir ferdigstilt ila våren 2020.

## 8 Politikk og administrativt sekretariat

### 8.1 Bevilgning

#### 8.1.1 Politikk

##### Politikk: Ansvar 3100

##### Oversikt over møte som har vore i 2019:

- Kommunestyret – 10 møte med i alt 125 saker
- Formannskapet – 11 møte med i alt 92 saker
- Forvaltningskomiteen – 5 møte med i alt 122 saker
- Forvaltningsutvalet – 2 møte med i alt 26 saker
- Levekårskomiteen – 5 møte med i alt 35 saker
- Levekårsutvalet – Ingen møte i 2019

Etter ny kommunelov skal det ikkje lengre vera komité, men utval.

Etter at kommunestyret vart konstituert 24.10.2019 vart det etablert:

- Forvaltningsutval
- Levekårsutval
- Plan, teknikk og miljøutval

I tillegg var det val av medlemmer til eldreråd, rådet for dei funksjonshemma, ungdomsråd (under arbeid), investeringsutval, kontrollutval, administrasjonsutval, valstyret, styret for næringsfondet, sakkunnig nemnd – eigedomsskatt, sakkunnig ankenemnd – eigedomsskatt.

##### Temadagar/besøk/synfaringar:

##### **Kommunestyret:**

28.02.

Orientering om Kvinnherad Arena v/ Richard Erlandsen

25.04.

Orientering om Sunnhordland Kraftlag v/ adm.dir. John Martin Mjånes om mogeleg produksjonssamarbeid.

Kvinnherad Energi – gjennomgang av rapport frå konsulentselskap PÖYRY v/Patrick Narbel.

Haugaland Kraft – presenterte sitt bod v/visekonsernsjef Runar Areklett.

BKK – presenterte sitt bod v/ konsernsjef Jannicke Hilland.

24.10.

Konstituerande møte – nytt kommunestyre sett.

19.12.

Orientering – Brannmenn mot kreft.

##### **Formannskapet:**

15.08.

Presentasjon av prosjekt Husnes seniorsenter og status der v/Gretha Rød.

07.11.

Møte vert halde på Matre Gjestetun.

Dagen starta med arbeidsmøte om budsjett, der også andre gruppleiarar og kommunedirektøren si leiargruppe deltok.

05.12.

Omvising på Aksen før møtestart.  
Møte vert halde på ibanken, Sæbøvik.  
Harald Maaland orienterte om planane om grøn næringspark i Kvinnherad.

#### **Politisk sekretariat - 2 tilsette (1,4 årsverk): Ansvar 3102:**

Tilsette har ansvar for politiske møte, frå møteinnkalling, deltaking på møta og protokoll. Ansvar for web-tv. Dei tilsette har også fått tildelt oppgåver rundt kommunal vigsel som kommunane har overteke. Etter kommunevalet og krav i ny kommunelov er vert det fleire faste utval enn tidlegare år. Dette kan medføre meirarbeid for sekretariatet og det er pr. i dag vanskeleg og sei om desse stillingane er nok framover

#### *8.1.1.1 Økonomi*

Seksjon Politikk og administrativ sekretariat hadde i 2019 eit underforbruk mot budsjett på 160.027 kr. Hovudårsaka til underforbruket er følgjande:

- Lågare lønskostnader for politisk sekretariat enn budsjettert
- Kostnadane til Kontrollutvalet var lågare enn budsjettert
- Kostnadane for gjennomføring av kommunevalet i 2019 blei lågare enn budsjettert

#### **Årsmelding 2019**

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Politikk og administrativt sekretariat</b>			
Lønn og sosiale utg	3 337 943	3 720 290	-382 347
Kjøp inngår i tj prod	2 704 943	1 611 075	1 093 868
Kjøp erstatter tj prod	619 288	1 809 875	-1 190 587
Overføringer fra komm	928 069	1 042 015	-113 946
Finansutgifter	136	0	136
Salgsinntekter	-7 325	-2 040	-5 285
Refusjoner	-2 781	-173 454	170 673
Overføringer til komm	0	0	0
Finansinntekter	7	-267 454	267 461
Sum	7 580 280	7 740 307	-160 027

## 9 Seksjon for Løn og Personal

### 9.1 Bevilgning

#### 9.1.1 Seksjon løn og personal

Seksjon løn og personal består av 6 tilsette som alle pr. 31.12.2019 hadde 100% stilling. I tillegg er alle frikjøpte tillitsvalde, hovudverneombod og lærlingar og organisert under denne seksjonen.

Seksjonen har i tillegg til arbeid internt i organisasjonen og ansvar for lønsarbeid for Kvinnherad kyrkjelege fellesråd og for stiftinga Folgefonnsenteret.

I tillegg til arbeid med løn og rekruttering er avdelinga og rådgjevar innan aktuelt lovverk, bidragsytar i organisasjonsutvikling på ulike nivå, sentral i personalsaker, og kontaktpunkt mot NAV og pensjonsleverandørar. Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen gjev retningslinjer for lokal lønsdanning og for partsamansett arbeid. Saman med kommunedirektøren er det denne avdelinga som står for dette på kommunedirektørnivå på arbeidsgjevarsida. Seksjonsleiar er ein del av kommunedirektøren si leiargruppe og ein tilsett er og med i "budsjett og analyse-gruppa" som er leia av økonomisjef. I høve politisk arbeid er seksjonen sentral opp mot saker til administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Seksjonen har ansvar for gjennomføring av lokale lønsforhandlingar i kommunen, og for noko kompetansetiltak innan organisasjonen. .

##### 9.1.1.1 Økonomi

Seksjonen har dette året ei overskriding på vel 1,1 million. Dette er eit stort prosentvis avvik som gjennom året har vore varsla. Om lag halvparten (kr 580 000,-) av dette skuldes ei einskild personalsak kor ein har nytta mykje ekstrerne ressurser. Slike saker kjem ikkje kvart år, og ein kan difor ikkje budsjettere med dette. Samtidig må ein ta høgde for at slike tilfeller kan inntreffe. Resultatet av dette kan då bli ei relativt stor uforutsett utgift som det ikkje er budsjettert med.

Vi har og hatt noko auke i stillingsprosentar. Hovudverneombodet har t.d i 2019 gått i 80 % stilling, medan det var budsjettert med 60 %. Ein tilsett eig ein 100 % stilling, men har tidlegare gått 80 %. Denne arbeidstakaren er no attende i 100 %.

Ein stor del av budsjettet til seksjon løn og personal er lisenser og kontingenter. Mellom anna vert kontingenten til KS betalt via denne seksjonen. Desse utgiftene har hatt ein større auke enn det som var budsjetteret og er utgifter vi har liten innverknad på.

Det aller meste av utgiftene til denne seksjonen går til løn og kontingenter/ lisenser. Det betyr og at vi har lite spelerom for å få til andre innsparingar.

## Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Seksjon for Løn og Personal</b>			
Lønn og sosiale utg	10 552 471	9 710 749	841 722
Kjøp inngår i tj prod	4 573 283	2 936 713	1 636 570
Kjøp erstatter tj prod	94 741	290 000	-195 259
Overføringer fra komm	349 866	57 671	292 195
Finansutgifter	1 319 976	0	1 319 976
Salgsinntekter	-317 026	-72 151	-244 875
Refusjoner	-3 080 170	-1 754 308	-1 325 862
Overføringer til komm	0	0	0
Finansinntekter	-1 181 830	0	-1 181 830
Sum	12 311 311	11 168 674	1 142 637

### 9.1.1.2 Personal

	Sjukefråvær			Tal årsverk		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Løn og personal/lærlingar/ frikjøpte tillitsvalde	7,60 %	6,70 %	0,90 %	6	5,6	0,4

Personalet i denne seksjonen kan delast i tre deler. "Løn og personal", lærlingar og frikjøpte tillitsvalde. Lærlingar utgjør den største gruppa i antal. Vi hadde pr 31.12.19 til saman 22 lærlingar. 14 helsefagarbeidar, 7 barne og ungdomsarbeidar og 1 innan IKT.

Innan løn og personal- delen av seksjonen har vi ei stabil gruppe. Leiar var dei fyrste månadane fungerande rådmann og det har såleis vore noko skifte i seksjonen.

#### Sjukefråvær

Seksjonen har eit totalt sjukefråvær på 7,6 %. Det er i hovudsak lærlingane som utgjør sjukefråværet i denne seksjonen. årsaken til dette er først og fremst knytt til to langtidsfråvær. Dei fleste lærlingane er knytt til omsorg og barne/ungdom. Det er og her noko høgare korttidsfråvær. Det er ikkje uvanleg at personar som starter i barnehagar får diverse smittsame sjukdomar den fyrste tida. Dette gjeld og lærlingane våre.

Løn og personal har eit fråvær på 0,7 % i 2019.

#### Medarbeidarsamtalar

Leiar har gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette på løn og personal. Og dei frikjøpte tillitsvalde har hatt samtalar med leiar. Lærlingane får si oppfølging gjennom fagleg leiar og instruktørane ute i einingane.

Ingen i løn og personal- delen av sektoren har i 2019 gjennomført kompetansegevande etterutdanning, men vi har heile tida eit fokus på å halde oss oppdatert innan fagområdet. Dette til tross for at vi har minimert reiseverksemd for å prøve å minimere eit overforbruk.

## 10 Kommunedirektøren

### 10.1 Bevilgning

#### 10.1.1 Kommunedirektør

##### 10.1.1.1 Økonomi

#### Årsmelding 2019

Beskrivelse	Regnskap 2019	Reg budsjett 2019	Avvik 2019
<b>Kommunedirektøren</b>			
Lønn og sosiale utg	4 445 524	5 177 579	-732 055
Kjøp inngår i tj prod	1 170 437	616 755	553 682
Kjøp erstatter tj prod	15 193 029	14 083 000	1 110 029
Overføringer fra komm	2 551 301	1 829 683	721 618
Finansutgifter	782 808	0	782 808
Salgsinntekter	-173 349	0	-173 349
Refusjoner	-782 480	0	-782 480
Overføringer til komm	-380 000	0	-380 000
Finansinntekter	-575 000	0	-575 000
Sum	22 232 270	21 707 017	525 253

Overforbruket i seksjonen i 2019 skuldast høgare utbetalt tilskot til kultur og næring enn budsjettert og høgare kostnader knytt til juridisk bistand. Lønskostnader blei lågare enn budsjettert.